



DELUTSKRIFT
AV
RETTSBOK
FOR
ØVRE BUSKERUD JORDSKIFTERETT

SAK NR. 10/1999 - 06.30 – TRONDRUD (TRONDRUDVEGEN)
NES KOMMUNE

OPPSTARTA 07.02.2001, AVSLUTTA 05.06.2003.

INNHALD:

Rettsbok frå rettsmøtet den 21.11.2002	Side 27
Rettsbok frå rettsmøtet den 03.12.2002	Side 30
Rettsbok frå rettsmøtet den 13.03.2003	Side 31
Rettsbok frå rettsmøtet den 28.03.2003	Side 33
Rettsbok frå rettsmøtet den 05.06.2003 (avslutning)	Side 34
Kapittel I Kjennelse vedk. den delen av kravet som gjeld vegparsellen frå Trondrudvegen til bomkassa i Trondrudmarka	Side 46
Kapittel II Kjennelse vedk. tilleggskrav	Side 48
Kapittel III Vedtak om ny andelsfordeling i Trondrudvegen	Side 49
Kapittel IV Vedtak om jordskiftekostnadene	Side 59
Kapittel V Avslutningsavgjerder	Side 60

Den 21.11.2002 vart rettsmøte halde i kommunestyresalen i Nes kommune.

Rettsformann: Jordskiftedommar Oddvar Fjøsne.

Jordskiftemeddommarar: Eilif Gundersen, Ål
Liv Skarsgard Langegard, Ål

Protokollfører: Rettsformannen.

Sak nr.: 10/1999 - TRONDRUD.

Partar: Sjå dokument 38.

Saka gjeld: Felles tiltak, jf. § 2, bokstav e i jordskiftelova.

Til behandling: Drøfting av innkomne merknader til jordskifterettens forslag til ny fordeling av vedlikehaldskostnader/større utbetningskostnader for Trondrudvegen.

Til stades:

Kirsti B. og Tor Kolsrud
Ole Arvid Haraldseth
Per Hofseth
Reidar Løkken
Øyvind Blyverket
Jan Haraldseth
Einar Dalevold
Tor Lien
Tor Sjong
Kristen H. Eidal
Hans Tandberg
Ola Arnfinn Haraldset
Helge Holm

Lovleg innkalla, men ikkje møtt: Alle i partslista (dok. 38) med unntak av dei frammøtte.

På førespurnad frå rettsformannen var det ingen som hadde merknader til innkallinga til dagens rettsmøte.

På spørsmål frå rettsformannen hadde ingen merknader til habiliteten til retten sine medlemmer.

Framlagt i retten vart:

25. Brev frå jordskifteretten til Henning Kolbjørnsen, dagsett 10.07.2002, fristforlenging vedk. merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling i Trondrudvegen.
26. Brev frå Finn Eirik Berg til jordskifteretten, udatert, opplysning om at hans eigedom i Nes har gnr. 58, bnr. 176.
27. Brev frå Trondrudvegen v/Per Hofseth til jordskifteretten, dagsett 12.07.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.
28. Brev frå Einar Dalevold til jordskifteretten, dagsett 25.07.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.

29. Brev frå styret for Tverrlia 2 hytteforeining v/Henning Kolbjørnsen til jordskifteretten, dagsett 16.08.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.
30. Brev frå Hans A. Tandberg v/adv. Finn Grøstad til jordskifteretten, dagsett 13.08.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.
31. Brev frå Anne og Jan Haraldseth, Ola Arnfinn Haraldset, Reidar Løkken, Øyvind Blyverket og Solveig Kilen til jordskifteretten, dagsett 12.08.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.
32. Brev frå Kristen Harald Eidal til jordskifteretten, dagsett 12.08.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.
33. Brev frå Kirsti B. Kolsrud til jordskifteretten, dagsett 12.08.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.
34. Brev frå Ola Arnfinn Haraldset til jordskifteretten, dagsett 13.07.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.
35. Innkalling til rettsmøte 21.11.2002, brev dagsett 21.10.2002.
36. Brev frå Ole A. Haraldseth til jordskifteretten, dagsett 03.11.2002, merknader til jordskifterettens forslag til ny kostnadsfordeling.
37. Brev frå Trondrudvegen v/Per Hofseth til jordskifteretten, dagsett 03.11.2002, vedk. andel i vegen for fastbuande og hytter, vedlagt referat frå representantskapsmøte i Trondrudvegen. (Brevet vart overlevert retten i møtet)
38. Partsliste dagsett 30.09.2002.

Rettsformannen refererte til nemnde saksdokument. Dok. 36 og 37 vart opplest i møtet.

Rettsformannen orienterte om dagsorden. Ingen hadde merknader til denne.

Rettsformannen orienterte om jordskifterettens utkast (dok. 24) til ny/endra andelsfordeling i "nye" Trondrudvegen.

Partane sine synspunkt på innkomne merknader.

Alle dei frammøtte partane kom med synspunkt på dei innkomne merknadane. Partane fekk høve til å kommentere partsinnlegga.

Jan Haraldseth sette fram krav om at saka vert utvida til å gjelde vurdering av endringar av gjeldande vedtekter for Trondrudvegen vedk. større veginvesteringar. Han hevda at representantskapet i dag står heilt fritt til å bestemme større investerings-/utbetningsarbeid. Han foreslår at det må føreligge årsmøtevedtak i alle dei berørte lokale vegforeningane før representantskapet kan vedta ekstraordinære utbyggingar over ei viss beløpsgrense. Tor Lien og Øyvind Blyverket støtta Jan Haraldseth sitt krav. Dei andre frammøtte partane meiner at Jan Haraldseth sitt krav bør behandlast av eksisterande styringsorgan i Trondrudvegen og ikkje av jordskifteretten. Dei viser i denne samanheng til § 9 i gjeldande vedtekter.

Retten stilte ein del spørsmål.

Retten tok pause frå 11.50 til kl. 12.30. Kirsti B. og Tor Kolsrud forlet møtet.

Avgrensing av område som skal sokne til "nye" Trondrudvegen.

Retten la fram dok. nr.

39. Kart i m=1:20.000 som viser eksisterande og planlagt arealbruk (gjeldande kommuneplan), eigedomsgrenser og vegar. På dette kartet er grensa for området som sokna til Trondrudvegen i jordskiftesak 5/1991 innteikna av jordskifteretten med svart stipla strek.

Partane kom med synspunkt på avgrensinga. Det er semje om at tidlegare grense for kva for område som soknar til Trondrudvegen vert justert slik at dei planlagde utbyggingsområda i Natten og Tverrlia vert liggande innanfor vegområdet. Etter ønske frå Tor Lien skal den nordre delen av utbyggingsområdet i Natten som tilhøyrer han, ikkje inngå i det området som soknar til Trondrudvegen.

Avgrensinga mot sørvest – i området ved Jordeslivegen, vart drøfta. Det er semje om at Ole Arvid Haraldset i samråd med berørte partar skal tegne inn avgrensinga av det området som skal sokne til Trondrudvegen på kart i m=1:5000, og sende det til jordskifteretten. Hans Tandberg opplyste at det ikkje eksisterer vegar utanfor det viste planområdet for Tverrlia. Dei vegane som er vist på kartet utanfor nemnde planområde eksisterer ikkje.

Andre forhold.

Det vart avklara at det i samband med ny fordeling i Trondrudvegen ikkje er nødvendig eller hensiktsmessig at jordskifteretten brukar tid på å sette opp oversikt over alle hytteeigedomar (gnr., namn og adresse) som soknar til Trondrudvegen, då sekretariatet for Trondrudvegen til ei kvar tid vil ha oversikt over desse.

Jordskifteretten vil derimot sette opp ein oversikt over den nye vegfordelinga for samtlege eigarar av landbrukseigedomar. Retten opplyste om at den vil sende ut eit registreringsskjema til samtlege eigarar av landbrukseigedomar. Dette skjemaet må fyllast ut slik at retten får eit tilstrekkeleg grunnlag til å rekne ut den endra andelsfordelinga for landbrukseigedomane.

Partane vart dimmiterte.

Jordskifteretten køyrde til Gol. Jordskifteretten åleine fortsette rettsmøtet i jordskifterettens lokale til kl.15.45.

Kostnaden med dagens rettsmøte.

Jordskiftemeddommar Eilif Gundersen:

Møtegodtgjersle	kr 1000
Diett	" 140
Køyregodtgjersle (114 km a kr 3,-)	" 342
Passasj.godtgj. (134 km a kr 0,50)	" 67

Jordskiftemeddommar Liv Skarsgard Langegard:

Møtegodtgjersle	kr 1000
Diett	" 140
Køyregodtgjersle (30 km a kr 3,-)	" 90

Arbeidsgjevaravgift kr 212

Sum Kr 2991,-

Retten heva
21.11.2002.

Liv Skarsgard Langegard (s) Oddvar Fjøsne (s) Eilif Gundersen (s)

Den 03.12.2002 vart rettsmøte halde i kommunestyresalen i Ål.

Rettsformann: Jordskiftedommar Oddvar Fjøsne.

Jordskiftemeddommarar: Eilif Gundersen, Ål.
Liv Skarsgard Langegard, Ål.

Protokollfører: Rettsformannen.

Sak nr.: 10/1999 - TRONDRUDVEGEN.

Partar: Sjå partsliste dagsett 30.09.2002, dok. 38.

Saka gjeld: Felles tiltak, jf. § 2, bokstav e, i jordskiftelova.

Til behandling: - Om den delen av kravet som gjeld vegparsellen frå Trondrudvegen til bommen/postkassane i Trondrudmarka skal fremmast.
- Om Jan Haraldseth sitt tilleggskrav om endring av gjeldande vedtekter vedk. større investeringar, skal fremmast.
- Drøfting av innkomne merknader til jordskifterettens utkast til ny/endra andelsfordeling i "nye" Trondrudvegen.

Til stades: Kun rettens medlemmer.

Jordskifteretten drøfta dei saksforhold som er ført opp til behandling i dagens rettsmøte. Retten vil ta endeleg stilling til desse i eit seinare rettsmøte.

Kostnaden med dagens rettsmøte.

Jordskiftemeddommar Eilif Gundersen:

Møtegodtgjersle 1 dag	kr 1000
Diett	" 140
Køyregodtgjersle: 18 km a kr 3,-	" 54

Jordskiftemeddommar Liv Skarsgard Langegard:

Møtegodtgjersle 1 dag	kr 1000
Diett	" 140
Køyregodtgjersle: 36 km a kr 3,-	" 108

Arbeidsgjevaravgift	<u>kr 212</u>
Sum	<u>kr 2654</u>

Retten heva.
03.12.2002.

Eilif Gundersen (s)

Oddvar Fjøsne (s)

Liv Skarsgard Langegard (s)

Den 13.03.2003 vart rettsmøte halde i kommunehuset i Ål.

Rettsformann: Jordskiftedommar Oddvar Fjøsne.

Jordskiftemeddommarar: Eilif Gundersen, Ål.
Liv Skarsgard Langegard, Ål.

Protokollfører: Rettsformannen.

Sak nr.: 10/1999 - TRONDRUDVEGEN.

Partar: Sjå partsliste dagsett 30.09.2002, jf. dok. 38.

Saka gjeld: Felles tiltak, jf. § 2, bokstav e, i jordskiftelova.

Til behandling: Drøfting av ny fordeling av vedlikehaldskostnader og kostnader med større utbetningsarbeid for Trondrudvegen.

Til stades: Kun rettens medlemmer.

Framlagt i retten vart:

40. Brev frå jordskifteretten til partar som har landbrukseigedom, dagsett 06.12.2002, vedlagt registreringsskjema.
41. Brev frå Jan Haraldseth til jordskifteretten, dagsett 16.12.2002, vedk. ny andelsfordeling i Trondrudvegen.
42. Kart m.v. frå Ole A. Haraldseth og Tollef A. Svenkerud, dagsett 13.01.2003.
43. Brev frå jordskifteretten til partar som ikkje har sendt registreringsskjema i utfylt stand til jordskifteretten innan fastsett frist (14 stk), dagsett 11.02.2003.
44. Brev frå jordskifteretten til Kristen Vestheim og Ingebrigt Huse, dagsett 11.02.2003, vedlagt registreringsskjema for utfylling (desse partane har tidlegare ikkje fått tilsendt skjema).
45. Innkomne registreringsskjema frå partar som eig landbrukseigedomar.
46. Brev frå Ole J. Moen til jordskifteretten, dagsett 09.12.2002, vedlagt kart.

Oppsummering av det som skjedde i rettsmøtet.

Retten gjekk igjennom saksdokumenta 40 -- 46.

Med bakgrunn i dok. 42 og 46 drøfta retten avgrensing av jordskiftefeltet i området ved Jordeslivegen.

Retten drøfta elles:

- Ny andelsfordeling i Trondrudvegen.
- Fastsetting av samla jordskiftekostnader i saka.

Vidare framdrift.

På bakgrunn av drøftingane i møtet lagar rettsformannen utkast til rettsbok for avslutningsmøtet og sender utkastet til meddommarane. Retten tek sikte på at neste rettsmøte blir avslutningsmøte.

Kostnaden med rettsmøtet.

Jordskiftemeddommar Eilif Gundersen:

Møtegodtgjersle	kr 1000
Diett	" 140
Køyregodtgj.: 18 km a kr 3,-	" 54

Jordskiftemeddommar Liv Skarsgard Langegard:

Møtegodtgjersle	kr 1000
Diett	" 140
Køyregodtgj.: 36 km a kr 3,-	" 108

Arbeidsgjevaravgift	kr 212
Sum	<u>kr 2654</u>

Retten heva
13.03.2003

Eilif Gundersen (s)

Oddvar Fjøsne (s)

Liv Skarsgard Langegard (s)

Den 28.03.2003 vart rettsmøte halde i jordskifterettens lokale i Gol.

Rettsformann: Jordskiftedommer Oddvar Fjøsne.

Jordskiftemeddommarar: 1. Eilif Gundersen, Ål.
2. Liv Skarsgard Langegard, Ål.

Protokollfører: Rettsformannen..

Sak nr.: 10/1999 - TRONDRUDVEGEN.

Partar: Sjå partsliste dagsett 30.09.2002, jf. dok. 38.

Saka gjeld: Felles tiltak, jf. § 2, bokstav e, i jordskiftelova.

Til behandling: Drøfting av ny vegfordeling.

Til stades: Kun rettens medlemmer.

Retten drøfta ny fordeling av vedlikehaldskostnader og fordeling av kostnader med større opprustingsarbeid for Trondrudvegen.

Før endeleg vegfordeling kan fastleggast må retten sjå nærare på kva for eigedomar som har areal som har gått ut av skogproduksjon sidan forrige jordskiftesak, og ca. storleiken på desse areala.

Kostnaden med dette rettsmøtet:

Jordskiftemeddommar Eilif Gundersen:

Møtegodtgjersle		kr	1000
Diett		"	140
Køyregodtgjersle:			
70 km a kr 3,-	kr	210	
Passasj.tillegg 50 km a kr 0,50	"	25	
		"	235

Jordskiftemeddommar Liv Skarsgard Langegard:

Møtegodtgjersle	kr	1000
Diett	"	140
Køyregodtgjersle: 30 km a kr 3,-	"	90

Arbeidsgjevaravgift	kr	172
Sum	kr	<u>2777</u>

Retten heva
28.03.2003.

Eilif Gundersen (s)

Oddvar Fjøsne (s)

Liv Skarsgard Langegard (s)

Den 05.06.2003 vart rettsmøte halde i jordskifterettens lokale i Gol.

Rettsformann: Jordskiftedommar Oddvar Fjøsne.

Jordskiftemeddommarar: Eilif Gundersen, Ål.
Liv Skarsgard Langegard, Ål.

Protokollfører: Rettsformannen.

Sak nr.: 10/1999 - TRONDRUDVEGEN.

Partar:

Unni og Vidar Aadalen, eigar av gnr. 56/626
Margrethe Aagaard, eigar av gnr. 56/240
Karl Andreas Aandahl, eigar av gnr. 58/185
Kristian Aandahl, eigar av gnr. 58/185
Gerd E. Aandewiel Jacob Marisstraat 49, eigar av gnr. 58/204
Agnes Kjellsvik Aasen og Lars Aasen, eigar av gnr. 56/316
Sigve Johannes Aasen, eigar av gnr. 56/70, 56/80, 56/123,
56/591, 56/757, 56/759
Helen Valerius og Ketil Aasgaard, eigar av gnr. 56/764
Knut Aas, eigar av gnr. 56/252
Geir Harry Abelseth, eigar av gnr. 56/692
Knut Erik Ajaxon, eigar av gnr. 56/156
Anne Lise og Torbjørn Almeland, eigar av gnr. 56/498
Björg Turid Hagen og Tom Magne Amann, eigar av gnr. 56/754
Ellen Clausen og Finn Vegar Amundsen, eigar av gnr. 56/482
Viggo Helge Amundsen, eigar av gnr. 56/386
Ingar Andersen, eigar av gnr. 56/306
June Hilland og Tor Ragnar Andersen, eigar av gnr. 56/628
Linda Elisabeth Andersen, eigar av gnr. 56/637
Thorbjørn Andersen, eigar av gnr. 56/397
Kirsti Leidland og Jan Erik Andresen, eigar av gnr. 56/450
Gerd Aida Refvik og Trygve Angell, eigar av gnr. 56/488
Anna Elizabeth Arendt, eigar av gnr. 56/181
Ole Torstein Arendt, eigar av gnr. 56/181
Asker og Bærum Budstikke ASA, eigar av gnr. 56/518
Erik Ask, eigar av gnr. 56/668
Sidsel Valborg Aubert, eigar av gnr. 58/1:4, 58/253
Solveig Arendt Aune, eigar av gnr. 56/181
Øyvind Austenaa, eigar av gnr. 56/615
Björg Mollann Baastad, eigar av gnr. 56/618
Gro Merete Bach, eigar av gnr. 56/564
Willy Bach, eigar av gnr. 56/564
Jorun Clefberg og Sven-Arne Bakke, eigar av gnr. 56/335
Leif Flemming Bakke, eigar av gnr. 56/622
Hilde Marie Bakken, eigar av gnr. 56/279
Trond Egil Bakke, eigar av gnr. 58/243
Inger Johanne Baklund, eigar av gnr. 56/153
Øivind Johan Baklund, eigar av gnr. 56/281
Terje Baltzersen, eigar av gnr. 56/698
Björg Bang, eigar av gnr. 56/308
Sissel Bay-Nielsen, eigar av gnr. 56/204
Hans Folke Becker, eigar av gnr. 56/244, 56/245, 56/262
Karin Beichmann, eigar av gnr. 56/304
Berit Ruud Bekken, eigar av gnr. 58/154
Ingrid og John Benjaminsen, eigar av gnr. 56/472

Trine Synnøve og Trond Bergaard, eigar av gnr. 56/612
Erik Berg, eigar av gnr. 58/176
Inger Jenny Bergermo, eigar av gnr. 52/44
Elisabeth Lea og Aage Reidar Bergerud, eigar av gnr. 56/735
Lena C. Adde og Thor Bergli, eigar av gnr. 56/608
Toril Finnestrand og Per-Erik Bergsjø, eigar av gnr. 52/61
Aud Helen Kleven Bjønnes, eigar av gnr. 56/613
Oddvar Bjørdal, eigar av gnr. 56/475
Ole Henrik Bjørge, eigar av gnr. 56/513
Bjørnar Henry Bjørit, eigar av gnr. 52/28
Thore Harald Bjørnerud, eigar av gnr. 56/516
Kirsten og Erik Blaker, eigar av gnr. 56/670
Sidsel Blakstad, eigar av gnr. 56/496, 56/522, 56/575
Rigmor Bjørg og Tom Oscar Blix, eigar av gnr. 56/312
Ståle Blomhoff, eigar av gnr. 58/134
Anne Blyverket, eigar av gnr. 58/251
Inger Oline Blyverket, eigar av gnr. 58/251
Jan Otto Blyverket, eigar av gnr. 58/251
Marit Kristi og Odd Inge Blyverket, eigar av gnr. 71/10
Nelly K. Sjong Blyverket, eigar av gnr. 56/195
Solveig Kilen og Øyvind Blyverket, eigar av gnr. 58/276
Trond Blyverket, eigar av gnr. 58/251
Øyvind Blyverket, eigar av gnr. 58/251
Britt Næssvold og Steinar Boberg, eigar av gnr. 56/629
Ingrid Elisabeth Bogstad, eigar av gnr. 56/268
Birger Boldvik, eigar av gnr. 56/731
Einar Boldvik, eigar av gnr. 56/729
Toralf Borgen, eigar av gnr. 56/682
Stine og Jan Harald Borgersen, eigar av gnr. 56/595
Anne Katrine og Per Henry Bostrøm, eigar av gnr. 56/706
Arne Braata, eigar av gnr. 56/188
Lauritz Sveaas Braathen, eigar av gnr. 52/51
Morten Brastad, eigar av gnr. 56/642
Kathe Anita Bratterud, eigar av gnr. 58/1:7
Syver Brattested, eigar av gnr. 56/331
Bjørn Olav Bratz, eigar av gnr. 58/81, 58/89, 58/149
Ingegjerd Bratz, eigar av gnr. 58/81, 58/89, 58/149
Trygve Bratz, eigar av gnr. 58/81, 58/89, 58/149
Janne M. Almeli og Gunnar Foss Bredesen, eigar av gnr. 56/766
Erik Brekka, eigar av gnr. 56/430
Endre Bringø, eigar av gnr. 50/35
Jens Henrik Brodersen, eigar av gnr. 62/70
Ellen F. Brudevold, eigar av gnr. 56/610
Trygve Brudevold, eigar av gnr. 56/611, 56/620
Anna Helene Brusletten, eigar av gnr. 56/368
Klara Brusletten, eigar av gnr. 56/45, 56/79, 56/369, 56/391,
58/56, 58/217
Olaf Brusletten, eigar av gnr. 58/129
Randi Skaret Bryhn, eigar av gnr. 56/493, 62/85
Iren og Rune Brynhildsen, eigar av gnr. 58/298
Elisabeth Wally Brynhildsen, eigar av gnr. 56/235
Tor Bråten, eigar av gnr. 56/561
Geir Bråthen, eigar av gnr. 56/477
Gunvor Marie Bråthen, eigar av gnr. 56/30, 56/87
Kari Ingeborg og Ole Sigmund Bråthen, eigar av gnr. 56/62,
56/352, 56/395
BTD Norge v/Knut Andersen, eigar av gnr. 56/617
Marianne H. Steinsbu og Nils Bugge Wasberg, eigar av gnr.
56/741
Sidsel Helene Holm Bye, eigar av gnr. 58/159

Helge Leiro Båstad, eigar av gnr. 56/524
Bårumsbanen Bedrift Idrettslag, eigar av gnr. 52/56
Ann Kristin og Morten Erik Calisch, eigar av gnr. 56/545
Hanne Barbro og Rolf Harald Christensen, eigar av gnr. 58/252
Hilde Synnøve Christiansen, eigar av gnr. 52/63
Sofie Benedicte Christiansen, eigar av gnr. 56/242
Sven Christiansen, eigar av gnr. 56/510
Elisabeth Christoffersen, eigar av gnr. 56/268
Bjørn Gunnar Conradi, eigar av gnr. 56/559
Cathrine Conradi, eigar av gnr. 56/559
Kjersti Nedberg og Jan Fredrik Conradi, eigar av gnr. 56/672
Sverre Conradi, eigar av gnr. 56/558
Thorbjørn Conradi, eigar av gnr. 56/559
Jon Andreas Dahl, eigar av gnr. 56/389
Torkild Harald Dahl, eigar av gnr. 56/594
Trond Yttervik Dahl, eigar av gnr. 56/725
Arvid Dahm, eigar av gnr. 50/65
Rolf Ivar Dalby, eigar av gnr. 56/436
Einar Fredrik Dalevold, eigar av gnr. 50/41
Alf Rune Dammyr, eigar av gnr. 56/432
Knut og Cathrine Dehli, eigar av gnr. 56/716
DNC Funksjonærforening, eigar av gnr. 58/130
Knut Tore Dokken, eigar av gnr. 56/569
Belinda Raymonde Drabble, eigar av gnr. 56/712, 56/713
Richard Drabble, eigar av gnr. 56/712, 56/713
Berit Drevvatne, eigar av gnr. 56/204
Mona og Tom Ebbestad, eigar av gnr. 56/678, 56/680
Egmont Hytteforening, eigar av gnr. 56/521
Bjarne Eia, eigar av gnr. 58/270
Henny Marie Eia, eigar av gnr. 58/1:12, 58/270
Kristen Harald Eidal, eigar av gnr. 56/20, 56/38
Odd Gunnar Eidal, eigar av gnr. 56/18, 56/18:1, 56/43
Sissel Margrethe og Leon Ingar Eide, eigar av gnr. 56/241,
56/255
Torild og Jørn Bjarne Eide, eigar av gnr. 56/565
Anne Helene Eidsgård, eigar av gnr. 58/158
Knut og Anne Helene Eidsgård, eigar av gnr. 58/248
Karin Wenneberg og Halvor Ellefsen, eigar av gnr. 56/548
Kari Strand og Svein Ellingsen, eigar av gnr. 56/645
Unni og Geir Endal, eigar av gnr. 56/501, 56/571
Wenche Brit og Jan Erik Engblom, eigar av gnr. 56/762
Irene Engen, eigar av gnr. 56/148, 56/179
Melvin Engen, eigar av gnr. 52/42
Elisabeth Eia Erdal, eigar av gnr. 58/1:12, 58/270
Kari Og Svein Ericsson, eigar av gnr. 56/428, 56/512
Astrid M. Øverli og Per Ivar Eriksen, eigar av gnr. 56/228
Helge Emil Eriksen, eigar av gnr. 56/305
Leif Eriksen, eigar av gnr. 58/244
Thor Øivind Eriksen, eigar av gnr. 56/313
Leif Eriksson, eigar av gnr. 58/187
Tone og Jan Ragnar Eriksson, eigar av gnr. 56/215
Sverre Harald Espeseth, eigar av gnr. 56/46
Merethe Jonson og Steinar Roy Evensen, eigar av gnr. 56/550
Unn Bjørg Evensen, eigar av gnr. 58/205
Arne Gunnar Evjen, eigar av gnr. 56/551
Einar Fagerbakke, eigar av gnr. 58/247
Ingunn og Eivind Tore Fagermoen, eigar av gnr. 50/48
Oddny Falck, eigar av gnr. 58/178
Atle Geir Fallet, eigar av gnr. 56/662
Tove Marie Farstad, eigar av gnr. 58/269

Esben Fiane, eigar av gnr. 56/648
 Vibeke Mortensen og Roar Finstad, eigar av gnr. 56/646
 Inger Kirkeby og Geir Fjeld, eigar av gnr. 56/623
 Laila Aas og Per Henry Fjeldstad, eigar av gnr. 56/583
 Liv Fremming og Stig Vidar Fjeldstad, eigar av gnr. 56/702
 Arne Fjell, eigar av gnr. 56/460
 Jan Petter Fjellstad, eigar av gnr. 56/704, 56/705
 Inger Torild Fredriksen, eigar av gnr. 56/415
 Margit og Gudbrand Frekeplass, eigar av gnr. 56/233
 Kari Andersson og Arne Frønes, eigar av gnr. 50/69
 Astrid Fyen, eigar av gnr. 52/43
 Johan Herman Færgestad, eigar av gnr. 52/66
 Brynjulf Førde, eigar av gnr. 56/727
 Christian Førde, eigar av gnr. 56/727
 Erik Gabrielsen, eigar av gnr. 56/478
 Susanne Jørgersen og Tom S. Gabrielsen, eigar av gnr. 56/708
 Grete Odlaug Gjestemoen, eigar av gnr. 56/385, 56/506
 Brit Agnethe Glemmestad, eigar av gnr. 56/671
 Anne Elisabeth Høva Glenna, eigar av gnr. 56/333
 Knut Johannes Glenna, eigar av gnr. 58/280
 Christine M. Nordhaug og Tor Gotfredsen, eigar av gnr. 56/644
 Mona Svein og Lars Gravermoen, eigar av gnr. 56/602, 56/737
 Vibeke Vikholm Greenway, eigar av gnr. 56/469, 56/470
 Aadne Grimsgård, eigar av gnr. 56/246
 Lars Grimsgård, eigar av gnr. 56/216
 Kjersti M. Nordtveit og Geir Gripsrud, eigar av gnr. 62/98
 Halvor Grydeland, eigar av gnr. 58/184
 Per Inge Grønhaug, eigar av gnr. 56/441
 Grete Melle Gulbrandsen, eigar av gnr. 56/580
 Lars Gulbrandsen, eigar av gnr. 56/400
 Roy Henning Gulbrandsen, eigar av gnr. 56/679
 Carl-Henrik Gullaksen, eigar av gnr. 58/190
 Emly Marnburg Gullaksen, eigar av gnr. 58/190
 Judit Og Runar Gulliksen, eigar av gnr. 56/429
 Tore Mogen Gulliksen, eigar av gnr. 58/262
 Ole Petter Gundersen, eigar av gnr. 52/52
 Rolf Hagajordet, eigar av gnr. 56/534
 Elin Goksør og Aslak Hagen, eigar av gnr. 56/719
 Tor Olaf Hagen, eigar av gnr. 56/321
 Elisabeth og Hans Halvorsen, eigar av gnr. 58/229
 Marianne Hamar, eigar av gnr. 56/222
 Harald Hammer, eigar av gnr. 52/68
 Tove Merethe og Torbjørn Hansen, eigar av gnr. 56/403
 Øyvind Hansen, eigar av gnr. 56/578
 Øyvind Roger Hansen, eigar av gnr. 58/167
 Arve Dag Hanssen, eigar av gnr. 56/743
 Vibeke Victoria Hanssen, eigar av gnr. 56/743
 Anne Jervell og Jan Halvard Haraldseth, eigar av gnr. 58/184,
 58/220
 Astrid Marie Haraldseth, eigar av gnr. 58/245
 Jarle Haraldseth, eigar av gnr. 56/440
 Ole Arvid Haraldseth, eigar av gnr. 58/1, 58/184, 58/222,
 58/224, 58/275, 58/277, 58/280, 58/282, 58/285, 58/321,
 58/322, 58/323, 58/326, 58/327, 58/329, 58/330, 58/331,
 58/332, 58/333, 58/339, 58/342, 58/349, 58/353, 58/354,
 58/355, 58/356, 58/357, 58/358, 58/359, 58/360, 58/361,
 58/363, 58/364, 58/365, 58/366, 58/367, 58/368, 58/369,
 58/370, 58/371, 58/372, 58/373, 58/374, 58/375, 58/376
 Ola Arnfinn Haraldset, eigar av gnr. 58/1, 58/184, 58/226,
 58/275, 58/280, 58/282, 58/285, 58/321, 58/322, 58/323,

58/326, 58/327, 58/329, 58/330, 58/331, 58/332, 58/333,
58/339, 58/342, 58/349, 58/353, 58/354, 58/355, 58/356,
58/357, 58/358, 58/359, 58/360, 58/361, 58/363, 58/364,
58/365, 58/366, 58/367, 58/368, 58/369, 58/370, 58/371,
58/372, 58/373, 58/374, 58/375, 58/376, 61/73, 71/10
Knut Otto og Grete Kirsten Haraldson, eigar av gnr. 58/192
Grethe Kjølner Hassum, eigar av gnr. 56/606, 56/614
Karin Oddlaug Hauge, eigar av gnr. 58/274
Karin Johanne Haugen, eigar av gnr. 56/47
Morten Haugen, eigar av gnr. 56/87:1
Guri Liv Heftye, eigar av gnr. 56/156
Anne Lise Heitmann, eigar av gnr. 56/191
Annette og Frank Ståle Helk, eigar av gnr. 56/756
Victor og Ellen Hellern, eigar av gnr. 56/258
Nils Petter Hellum, eigar av gnr. 56/683
Eirik Helseth, eigar av gnr. 56/590
Carl Ribe Hemsén, eigar av gnr. 56/257
Morten Andreas Henriksen, eigar av gnr. 56/624
Randi Henriksen, eigar av gnr. 56/624
Lene M. Øverby og Kjell Arne Hermansen, eigar av gnr. 56/681
Peder Bernad Hermstad, eigar av gnr. 58/165
Eirill Bø og Bård Sverre Hernes, eigar av gnr. 56/519
Lillian Cecilie Herø, eigar av gnr. 58/198
Trond Hildrum, eigar av gnr. 56/145
Frid Hjelde, eigar av gnr. 56/211
Merete Hjelmtvedt, eigar av gnr. 56/474
Vigdis Benno Hjelmås, eigar av gnr. 56/302
Per Albert Hofseth, eigar av gnr. 58/225
Ragnhild Marie og Øyvind Holemark, eigar av gnr. 56/325
Sigurd Gulbrand Holmboe, eigar av gnr. 56/235
Mai Britt og Helge Bjørnsen Holm, eigar av gnr. 56/113,
58/61, 58/62, 58/318
Marianne og Marius Holm, eigar av gnr. 56/598
Stig Holm, eigar av gnr. 58/157
Unni Frengley og Anders Kr. Holm, eigar av gnr. 56/286
Helen C. Jensen Holst, eigar av gnr. 56/538
Liv Karin Holter, eigar av gnr. 56/499
Mildrid Kvalø og Fredrik Holter, eigar av gnr. 56/607
John Haavard Honerud, eigar av gnr. 56/576, 56/674, 56/703
Berit og Tore Hovland, eigar av gnr. 56/619
Erna Gotaas Huseby, eigar av gnr. 58/141
Guri Sigrid Huse, eigar av gnr. 56/83
Ingebrigt Huse, eigar av gnr. 52/26
Inger Lise Huse, eigar av gnr. 52/26
Signe Hvatum, eigar av gnr. 56/740
Jarle Høgmoen, eigar av gnr. 56/535
Borghild Bringø Høva, eigar av gnr. 56/284
Solveig og Hans Martin Høyeraal, eigar av gnr. 56/232
Vidar Ingebretsen, eigar av gnr. 56/250
Inkan AS, eigar av gnr. 56/209
Liv Edle og Trygve Isaksen, eigar av gnr. 56/517
Grethe Lise Jacobsen, eigar av gnr. 56/446
Jan Erik Jacobsen, eigar av gnr. 56/268
Reidar Jacobsen, eigar av gnr. 56/268
Rune Jacobsen, eigar av gnr. 56/418
Fred Harald Jakobsen, eigar av gnr. 56/259
Irene Borge og Nils Jamyr, eigar av gnr. 56/630
Inger Jansen, eigar av gnr. 56/219
Karen E. Barlaup og Harald Jellum, eigar av gnr. 56/390
Jan Jensen, eigar av gnr. 56/447

Pål Arne Jensen, eigar av gnr. 56/641
Jo Bjørn Ivar Eiendom DA, eigar av gnr. 56/568
Rune Johannessen, eigar av gnr. 56/444
Tor Johannessen, eigar av gnr. 58/223
Arnt Johansen, eigar av gnr. 56/431
Bjarne Normann Johansen, eigar av gnr. 56/539
Hanne Solberg Johansen, eigar av gnr. 56/639
Kari Ragnhild Johansen, eigar av gnr. 52/25
Ragnhild Berg og Atle Vidar Johansen, eigar av gnr. 56/744
Jan Johnsen, eigar av gnr. 56/495
Kari Botten Larsen og Åsmund Johnsen, eigar av gnr. 56/755
Randi Johnsen, eigar av gnr. 58/249
Tone Johnsen, eigar av gnr. 58/177
Ingjerd Haug og Jan Erik Johnsrud, eigar av gnr. 56/675
Johs. Bedriftshytter, eigar av gnr. 58/273
Kåre Jordal, eigar av gnr. 56/384
Roger Josefsen, eigar av gnr. 56/520
Olav Josvanger, eigar av gnr. 56/426
Sverre Josvanger, eigar av gnr. 56/426
Bernt Jørgensen-Dahl, eigar av gnr. 58/140
Birgit Jørgensen-Dahl, eigar av gnr. 58/109
Karin Logna og Olav Kalland, eigar av gnr. 56/338
Astri Botten Larsen og Tor M. Karlsen, eigar av gnr. 56/371
Gunhild Steinmoen Karlsen, eigar av gnr. 56/34, 56/101, 58/91
Terje Karlsen, eigar av gnr. 56/288
Tom Erling Karlsen, eigar av gnr. 56/597
Yngvar Kirkerud, eigar av gnr. 56/212
Per Øivind Kjærnsmo, eigar av gnr. 56/654
Sivert Klevan, eigar av gnr. 58/137
Halvard Sigurd Kleven, eigar av gnr. 50/38
Else Klype, eigar av gnr. 56/360
Odd Egil Klype, eigar av gnr. 56/360, 56/674, 56/703, 58/28, 58/72
Tom Klype, eigar av gnr. 56/674, 56/703, 58/227
Frode Knappen, eigar av gnr. 56/267
Torbjørg Knudsen, eigar av gnr. 56/352
Jorunn Moen Knutsen, eigar av gnr. 56/480
Hege og Henning Kolbjørnsen, eigar av gnr. 56/752
Magne Fremo og Anne Marie Kollhus, eigar av gnr. 56/394
Margit T. og Ivar Kollhus, eigar av gnr. 71/42
Kirsti Kolsrud, eigar av gnr. 56/282
Tone Kolsrud, eigar av gnr. 52/55
Marit Koppang, eigar av gnr. 56/584
Terje Kristiansen, eigar av gnr. 56/621
Arve Kristoffersen, eigar av gnr. 56/601
Sigurd Haavik og Lars Chr. Krog, eigar av gnr. 56/669
Torleif Kronstad, eigar av gnr. 56/579
Dirk Kruse, eigar av gnr. 56/423
Einar Krusedokken, eigar av gnr. 56/236
Torstein Krusedokken, eigar av gnr. 56/157
Anne Kari Krøs, eigar av gnr. 56/738
Geir Arne og Gulden Kveen, eigar av gnr. 56/574
Trine og Ole Mikal Langdalen, eigar av gnr. 56/514
Kari og Truls Willy Langerud, eigar av gnr. 56/402
Erling Langset, eigar av gnr. 56/582
Erik Christian Langseth, eigar av gnr. 56/448
Kjersti Røgeberg og Sjur Ivar Langslet, eigar av gnr. 56/435
Gro Marit Vrenne og Reidar Larsen, eigar av gnr. 56/739
Hanne Lundsgaard Larsen, eigar av gnr. 58/176
Kjell Larsen, eigar av gnr. 56/332

Per Alfred Larsen, eigar av gnr. 58/143
Rolf Bang Larsen, eigar av gnr. 58/135
Terje Lauritzen, eigar av gnr. 56/639
Tor Vegard Lauritzen, eigar av gnr. 56/471
Grethe Krakke og Svein Egil Lehre, eigar av gnr. 56/603
Ann-Kristin Pedersen og Frank Lein, eigar av gnr. 56/481
Ingrid Marie Leinum, eigar av gnr. 52/63
Frits Harry Lemstad, eigar av gnr. 56/249
Lars Lere, eigar av gnr. 56/489
Aase Lill Bie og Pål Leveraas, eigar av gnr. 56/636
Guro og Tor Østen Lien, eigar av gnr. 56/118
Arne Ole Lindahl, eigar av gnr. 56/168
Birtt Angela og Sven Ole Lund, eigar av gnr. 56/449
Bjørn Georg Lund, eigar av gnr. 58/1:1
Finn Lunde, eigar av gnr. 58/166
Per Arne Lunde, eigar av gnr. 56/540
Inger Berit Lund, eigar av gnr. 58/1:1
Kari Frøyd Lund, eigar av gnr. 56/417
Lasse Trond Lund, eigar av gnr. 56/392
Christina og Per Kristian Lundquist, eigar av gnr. 56/609
Per og Eva Mette Låhne, eigar av gnr. 56/631
Roy Ragnar Løchting, eigar av gnr. 56/563
Ole Andreas Løken, eigar av gnr. 56/143
Hilde Grønstøl og Reidar Løkken, eigar av gnr. 58/311
Oscar Dagner Løvdal, eigar av gnr. 52/90
Vibeke Hammer og Alex Madsen, eigar av gnr. 56/507
Vera Magnussen, eigar av gnr. 58/287
Finn Mathisen, eigar av gnr. 56/483
Ove Arild Mathisen, eigar av gnr. 56/625
Rose-Marie og Jurgen Mau, eigar av gnr. 58/271
Per Meaas, eigar av gnr. 58/8
Stig Otto Melzer, eigar av gnr. 56/649
Aud Lisbeth Hove og Finn-Arne Meringdal, eigar av gnr. 56/709
Mette og Harald Messel, eigar av gnr. 56/408
Marta Midttun, eigar av gnr. 56/496, 56/522, 56/575, 56/600,
56/638, 56/653, 56/655, 56/657, 56/660, 56/661, 56/673,
56/676
Christine M. Mithassel, eigar av gnr. 56/555
Dagfinn Ola Moe, eigar av gnr. 58/189
Hans Peter Moe, eigar av gnr. 58/186
Helene Henrikke Moe, eigar av gnr. 56/319
Ivar Aage Moe, eigar av gnr. 58/278
Lasse Hugo Moe, eigar av gnr. 58/189
Ole Johnny Moen, eigar av gnr. 62/73
Tove Moen, eigar av gnr. 56/480
Randi Johanne Moestue, eigar av gnr. 58/205
Janne K. Tufteland og Audun N. Moksnes, eigar av gnr. 56/659
Ole Jacob Moldestad, eigar av gnr. 56/715
Arve og Astrid Møllerud, eigar av gnr. 56/643
Per Reidar Monsen, eigar av gnr. 58/179
Knut Muller, eigar av gnr. 56/213
Rolf Muller, eigar av gnr. 56/213
Hildegunn Munch-Ellingsen, eigar av gnr. 56/257
Leif Einar Mølsted, eigar av gnr. 56/166
Gunn Karin Tyssøy og Egil Mørner, eigar av gnr. 56/410,
56/434
Ingar Nafstad, eigar av gnr. 56/748
Cathrine Nagell, eigar av gnr. 56/721
Inge D. Nagell, eigar av gnr. 56/721
Lasse Nagell, eigar av gnr. 56/721

Waltyr Willy Nagell, eigar av gnr. 56/721
Bjørn Georg Navrud, eigar av gnr. 58/158
Haldis Margit Navrud, eigar av gnr. 58/158
Kjellaug og Bjørn Georg Navrud, eigar av gnr. 56/326
Nesbyen Alpinsenter, eigar av gnr. 56/36:1, 56/200, 56/770
Ragnar og Anne-Marit Nesja, eigar av gnr. 56/647
Jan Gunnar Ness, eigar av gnr. 56/733
Neteks Norge AS, eigar av gnr. 56/547
Rolf Magnus Nielsen, eigar av gnr. 56/234
Berit Karin Løkken Nilsen, eigar av gnr. 56/2, 56/58, 56/97
Berit og Gunnar Bjarne Nilsen, eigar av gnr. 58/92
Bjørn Nilsen, eigar av gnr. 56/296, 56/439, 56/684, 58/328
Inger Holm Nilsen, eigar av gnr. 58/168
Petter Thorleif Nilsen, eigar av gnr. 56/570
Cecilie Henriksen Norbakk, eigar av gnr. 56/624
Astrid Marie og Baard Nordby, eigar av gnr. 56/455
John Fredrik Nordby, eigar av gnr. 50/68
John-Ivar Nordby, eigar av gnr. 50/68
Linda Nordby, eigar av gnr. 50/68
Wenche Iren og Jan Nordenson, eigar av gnr. 56/504
Kjell Norderhaug, eigar av gnr. 56/409
Mariann og Lars Nordheim, eigar av gnr. 56/399
Nordhouse AS, eigar av gnr. 56/652
Norsk Stavbygg AS, eigar av gnr. 56/746
Birger Nossun, eigar av gnr. 58/153
Bodil Søggen Nygård og John Nygård, eigar av gnr. 52/39
Erik Gjessing Nyquist, eigar av gnr. 58/169
Jo Næss, eigar av gnr. 50/66
Oddlaug Margrethe Næss, eigar av gnr. 56/175
Olav Høva Næss, eigar av gnr. 56/333
Ragnhild Nøland, eigar av gnr. 56/632
Camilla Jeanett Nørbech, eigar av gnr. 58/1:2
Cornelia Helen Nørbech, eigar av gnr. 58/1:2
Egil Sigurd Olaisen, eigar av gnr. 58/183
Tor Olsen, eigar av gnr. 56/562
Anne Aaby og Morten A. Olsson, eigar av gnr. 56/616
Gro og Jøran Olsson, eigar av gnr. 58/300
Rune Olsson, eigar av gnr. 58/171
Berit Ommedal, eigar av gnr. 58/1:7
Solveig Hauger og John Ormstad, eigar av gnr. 56/298
Kjell Hagbarth Orskaug, eigar av gnr. 56/443
Sigrid og Perry Orvik, eigar av gnr. 58/296
Inger Anette Hyldmo og Jørgen Petersen, eigar av gnr. 56/451
Ingjerd Helene og Yngve Pettersen, eigar av gnr. 56/651
Mette og Lars Erik Presterud, eigar av gnr. 56/767
Berit Førland og Peter Pronstad, eigar av gnr. 56/487
Harald Queseth, eigar av gnr. 56/167
Tine og Hans Christian Qvist, eigar av gnr. 56/664, 56/666,
56/667
Kristen Renslo, eigar av gnr. 56/527
Revetal Sag Eiendom A/S, eigar av gnr. 56/723
Randi Christina Ringen, eigar av gnr. 56/589
Lars Rise, eigar av gnr. 56/367
Stian Rodegård, eigar av gnr. 56/750
Marit Nergård og Eivind Rognved, eigar av gnr. 56/484
Svein Rokne, eigar av gnr. 52/69
Turid Margrete Rokvam, eigar av gnr. 56/393
Anne Ingeborg og Ole Gustav Ronten, eigar av gnr. 58/272,
58/289
Gunnar Næs og Elisabeth Rui, eigar av gnr. 56/556

Anne Lise Rønneberg og Morten Ruud, eigar av gnr. 56/337
Lisbeth Scheele og Håvard Rådstoga, eigar av gnr. 56/401
Torbjørn Hasle og Anne K. Råmundal, eigar av gnr. 56/635
Björg Else og John Rødningen, eigar av gnr. 50/27
Leif Harald Rødningen, eigar av gnr. 50/15, 54/8
Erik Rømcke, eigar av gnr. 62/5
Erik Rønningen, eigar av gnr. 56/656
Erik Roald Røssum, eigar av gnr. 58/221
Arne Salveson, eigar av gnr. 56/260
Jan Samuelson, eigar av gnr. 56/508
Solveig Holm Sandberg, eigar av gnr. 56/317, 56/452
Sarpsborg Komm. fagforening v/Willy Bach, eigar av gnr.
56/528
Ole Edvard Scheie, eigar av gnr. 56/529
Dina Dogger og Ralf Schmidt, eigar av gnr. 58/319
Tove C. Arendt Schränkler, ENGLAND, eigar av gnr. 56/181
John Atle Sigmundstad, eigar av gnr. 56/497
Sikkerhetssystemer AS, eigar av gnr. 56/231
Trine Simonsen, eigar av gnr. 56/658
Arild Sjong, eigar av gnr. 50/37
Ellen Sjong, eigar av gnr. 56/256
Kristian Sjong, eigar av gnr. 56/707
Thor Sjong, eigar av gnr. 50/2
Dag Sjursen, eigar av gnr. 56/433, 56/511
Elsa Sjøgren, eigar av gnr. 58/1:9
Ann Kristin Aas og Torstein Sjøtveit, eigar av gnr. 56/677
Anne Grethe Sjøvold, eigar av gnr. 56/154
Gøril Skaflem, eigar av gnr. 56/693
Kari Mette Sjøblom Skai, eigar av gnr. 56/320
Otto Skaret, eigar av gnr. 58/35
Cathrine Skarpholt, eigar av gnr. 58/139
Per Anders Skauan, eigar av gnr. 56/303
Gerd Margrethe Skistad, eigar av gnr. 56/357
Tom Olav Ski, eigar av gnr. 56/761
Willy Skjeggerud, eigar av gnr. 56/632
Gunnar Skrabberud, eigar av gnr. 56/230
Bente Gro og Bjørn T. Slaatten, eigar av gnr. 56/665
Bent og Signe Nina Slyngstad, eigar av gnr. 56/736
Karin og Einar Kristian Smedsvig, eigar av gnr. 56/248
Astrid Smette, eigar av gnr. 56/192
Harald Smette, eigar av gnr. 52/32
John Halvor Smette, eigar av gnr. 52/25
Reidar Johan Smette, eigar av gnr. 52/11, 56/158
Arnhild Solberg, eigar av gnr. 58/168
Stein Erik Solberg, eigar av gnr. 56/711
Svein Arne Solberg, eigar av gnr. 56/639
Eva Eidal Solheim, eigar av gnr. 56/336, 58/50, 58/195,
58/232
Tomas Elling Solheim, eigar av gnr. 56/64, 56/185
Tove Solheim, eigar av gnr. 56/19
Aase Marie Sollid, eigar av gnr. 58/236
Erik Wessel Sollie, eigar av gnr. 56/229
Anders Rysand Sperre, ENGLAND, eigar av gnr. 56/500
Reidun Kamilla Sporsheim, eigar av gnr. 56/442
Leif Stavdal, eigar av gnr. 56/532
Leif Stavehaugen, eigar av gnr. 58/188
Lisbet Stavem, eigar av gnr. 56/515
Erna Conradi Steen, eigar av gnr. 56/295
Kjell Thorolf Stenersen, eigar av gnr. 56/486
Cecilie Beate Stenseth, eigar av gnr. 58/220:1

Mai Christina Stenseth, eigar av gnr. 58/220:1
Per Haakon Stenseth, eigar av gnr. 58/220:1
Anne Bollerud og Tor Stensholt, eigar av gnr. 56/560
Dag S. Stiansen, eigar av gnr. 58/100, 58/215
Tom Stiansen, eigar av gnr. 56/596
Amund Eirik Storeli, eigar av gnr. 56/462, 56/463
Tor Inge Storhaug, eigar av gnr. 56/261
Arne Stornes, eigar av gnr. 50/16
Lill Eva Strand, eigar av gnr. 58/151
Tom Strømberg, eigar av gnr. 56/203
Egil Johannes Strøm, eigar av gnr. 58/297
Harald og Kristin Stubberud, eigar av gnr. 56/650
Jens Martin Støten, eigar av gnr. 56/476
Harald Sundby, eigar av gnr. 56/546
Svend Arnold Svendsen, eigar av gnr. 56/324
Tove og Thor Svendsen, eigar av gnr. 56/627
Tove og Åge Svendsen, eigar av gnr. 56/334
Terje Svendsrud, eigar av gnr. 56/491
Turid Svenkerud, eigar av gnr. 58/231
Trygve Svoldal, eigar av gnr. 52/48
Anne Margrethe Syversen, eigar av gnr. 56/47
Svein Vidar Syversens dødsbo v/Jorun Syversen, eigar av gnr. 55/6, 58/9
Rune Syvertsen, eigar av gnr. 56/633
Hege Kristin Sørensen, eigar av gnr. 52/63
Bjørn Johannes Sørum, eigar av gnr. 56/496, 56/522, 56/575
Nils Torbjørn Tamburplass, eigar av gnr. 56/525
Hans Andreas Tandberg, eigar av gnr. 56/24, 56/40, 56/44, 56/48, 56/52, 56/55, 56/59, 56/66, 56/67, 56/69, 56/425, 56/496, 56/522, 56/575, 56/577, 56/600, 56/638, 56/653, 56/657, 56/660, 56/661, 56/673, 56/676, 56/717, 56/720, 56/724, 56/726, 56/728, 56/730, 56/732, 56/751, 56/812, 58/3, 58/5
Hans Andreas Tandberg, eigar av gnr. 56/202
Knut Tandberg, eigar av gnr. 56/36, 56/37, 56/201, 56/387, 56/438, 56/453, 56/457, 56/464, 56/492, 56/531, 56/685, 56/686, 56/687, 56/688, 56/689, 56/690, 56/691, 56/694, 56/695, 56/696, 56/697, 56/699, 56/700, 56/792, 56/793, 56/794, 56/795, 56/796, 56/797, 58/38
Øyvind Andreas Tandberg, eigar av gnr. 56/202
Bjørn Erik Tangen, eigar av gnr. 50/67
Torill Anita og Per Otto Tangen, eigar av gnr. 56/467
Erling Teigen, eigar av gnr. 56/494
Per Egil Tellefsen, eigar av gnr. 56/419
Torunn Elisabeth og Stein Thilert, eigar av gnr. 56/485
Carl August Thoresen, eigar av gnr. 58/263, 58/286
Narve Thoresen, eigar av gnr. 56/221
Roar Aker Thoresen, eigar av gnr. 58/1:5, 58/255
Ranveig Alice Thorn, eigar av gnr. 50/19, 50/34, 56/155
Leiv Bjarne Tjeldflaat, eigar av gnr. 58/163
Kersti M. Toftegard, SVERIGE, eigar av gnr. 58/164
Toni Invest AS, eigar av gnr. 56/742
Bjørn Topaas, eigar av gnr. 58/156
Tom Tresselt, eigar av gnr. 56/253
Triton Forsikringstjenester, eigar av gnr. 56/760
Trollhyttene AS v/Arne Moen, eigar av gnr. 62/54, 62/62
Anne Grethe Tune, eigar av gnr. 56/495
Trond Helge Tveten, eigar av gnr. 56/315
Tove Moe og Jon Birger Tysnes, eigar av gnr. 56/604
Ellen Pahle og Rolf Tønsberg, eigar av gnr. 56/634

Line Larsen og Geir Inge Undhjem, eigar av gnr. 56/404
Bjørge Kjellaug Smette Utgård, eigar av gnr. 52/54
May Brit Huse og Torkel Valdresbråten, eigar av gnr. 56/459
Inger og Tom Johan Vangen, eigar av gnr. 56/424
Tove Jorunn Venner, eigar av gnr. 56/142
Ingrid Paulina og Erik Vestby, eigar av gnr. 56/285
Gunn Vestheim, eigar av gnr. 56/120
Kristen Vestheim, eigar av gnr. 56/180
Lars Vestheim, eigar av gnr. 56/22, 56/73, 56/151, 56/769
Alma Vissebråten, eigar av gnr. 52/35
Sigurd Johan Vissebråten, eigar av gnr. 56/32, 56/541
Steinar Vissebråten, eigar av gnr. 58/4, 58/30
Fredrik Vogt, eigar av gnr. 58/133
Gunnar John Vogt, eigar av gnr. 58/133
Marie Louise og Ståle Wallentin, eigar av gnr. 56/416
Erik Watz, eigar av gnr. 56/640
Aase Wefling, eigar av gnr. 56/220
Torill Wergeland, eigar av gnr. 56/405
Eva Wiik, eigar av gnr. 58/1:9
Jan-Fredrik Wilhelmsen, eigar av gnr. 56/251
Ferry Zandjani, eigar av gnr. 50/73
Thomas A. Zandjani, eigar av gnr. 50/72
Håkon Ålesve, eigar av gnr. 56/445
Anne Kristin Vissebråten Ålien, eigar av gnr. 56/25
Barbo Margrethe Åmellem, eigar av gnr. 58/254
Jan Børre Øien, eigar av gnr. 56/605
Helge Østvang, eigar av gnr. 56/747
Knut Øverby, eigar av gnr. 56/505
Trine-Lise og Arve Øvergård, eigar av gnr. 58/230
Håvard Øverås, eigar av gnr. 56/243
Berit Gill Øyen, eigar av gnr. 52/87
Inger-Marit og Per Anton Øymo, eigar av gnr. 56/509

Saka gjeld: Felles tiltak, jf. § 2, bokstav e, i jordskiftelova.

Til behandling: -Om den delen av kravet som gjeld vegparsellen frå Trondrudvegen til bommen i Trondrudmarka skal fremmast.
-Tilleggskrav frå Jan Haraldset om at jordskifteretten skal vurdere endringar i gjeldande vedtekter for Trondrudvegen vedk. større veginvesteringar.
-Vedtak om ny andelsfordeling i Trondrudvegen.
-Vedtak om fastsetting av jordskiftekostnadene.
-Avslutningsavgjerder.

Til stades: Kun rettens medlemmer.

Framlagt i retten vart:

47. Kart som viser avgrensing av jordskiftefeltet.
48. Oversikt over bygningar tilknytta landbrukseigedomane som soknar til Trondrudvegen pr. februar 2003, etter skriftlege opplysningar innhenta frå grunneigarane.
49. Brev sendt på telefaks frå jordskifteretten til Trondrudvegen v/Per Hofseth, dagsett 24.03.2003, vedk. "overtagelsestidspunktet av de nye vegstrekningene".
50. Brev (e-post) frå Trondrudvegen v/Per Hofseth til jordskifteretten, dagsett 25.03.2003.
51. Brev frå jordskifteretten til partar som har landbrukseigedom tilknytta Trondrudvegen, dagsett 13.05.2003, vedlagt arealoversikt med frist for å kome med merknader.
52. Brev til jordskifteretten frå Odd G. Eidal, dagsett 19.05.2003, merknader til dok. 51.

53. Brev m. vedlegg frå Jan Haraldseth til jordskifteretten, dagsett 20.05.2003, merknader til dok. 51.
54. Brev frå Kristen H. Eidal til jordskifteretten, dagsett 20.05.2003, merknader til dok. 51.
55. Brev frå Sigve Aasen til jordskifteretten, dagsett 23.05.2003, merknader til dok. 51.
56. Brev frå Berit Løkken Nilsen til jordskifteretten, dagsett 23.05.2003, merknader til dok. 51.
57. Brev frå Ole J. Moen til jordskifteretten, dagsett 24.05.2003, merknader til dok. 51.
58. Brev frå Hans A. Tandberg til jordskifteretten, dagsett 27.05.2003, merknader til dok. 51.
59. "Grunneiere tilknyttet Trondrudvegen" – skjema frå jordskiftesak 5/1991 med opplysningar om gards- og bruksnummer, jord- og skogareal, antal hus, hytter og vollar.

Oppsummering av det som skjedde i avslutningsmøtet.

Retten gjekk i gjennom dok. 52 – 58.

Retten fastsette jord- og skogbruksareal for landbrukseigedomane som skal leggst til grunn for utrekninga av ny andelsfordeling i Trondrudvegen, sjå tabelloversikt innteke på side 54 i rettsboka frå dette møte.

Retten avsa kjennelse vedk.:

- Den delen av kravet som gjeld vegparsellen frå Trondrudvegen til bomkassa i Trondrudmarka.
- Tilleggskrav om at jordskifteretten skal vurdere endring i gjeldande vedtekter for Trondrudvegen.

Retten fatta vedtak om:

- Ny fordeling av vedlikehaldskostnader og kostnader med større nødvendige opprustingsarbeid for Trondrudvegen – frå fylkesveg 214 og fram til Nesbyen Alpinsenter AS.
- Fastsetting av jordskifteknadene i saka.

Oppsummering av saka.

Saka gjeld ny fordeling av vedlikehaldskostnader samt kostnader med større nødvendig utbetningsarbeid i Trondrudvegen som følge av at eksisterande vegparsell frå Einan og fram til Nesbyen Alpinsenteret AS – ein vegstrekning på ca. 1 km - skal innlemmast i vegfellesskapet Trondrudvegen. Jordskifteretten har tidlegare, sak. 5/1991, føreteke fordeling av vedlikehaldskostnader for Trondrudvegen, ein vegparsell på ca. 4 km som går frå fylkesvegen i Rukkedalen og opp til Einan.

Vegfellesskapet Trondrudvegen vil etter jordskiftet såleis omfatte ein vegstrekning på ca. 5 km, frå fylkesveg 214 til Nesbyen Alpinsenter AS.

Rekvirenten har ikkje sett fram krav om at jordskifteretten skal ajourføre eller endre gjeldande vedtekter. Ein av partane sette fram tilleggskrav i rettsmøtet 21.11.2002 vedk. endring i gjeldande vedtekter.

Kravet er fremma som sams tiltaksak, jf. § 2 bokstav e i jordskiftelova. I realiteten er saka ei bruksordningssak, jf. § 2 bokstav c, pkt.1. Dette fordi kravet ikkje omfattar konkrete investeringar i vegen. Om heimelen for å fremme kravet er § 2 c, 1 eller § 2 e har ingen betydning for behandlinga eller utfallet av saka.

Jordskifteretten har før dagens avslutningsmøte halde 9 rettsmøter:

Rettsmøte 07.02.2001 – vedtak om å fremme del av kravet

Rettsmøte 28.06.2001 – drøftingsmøte med partane

Rettsmøte 11.04.2002 – retten åleine, drøftingsmøte

Rettsmøte 06.06.2002 – retten åleine, drøftingsmøte

Rettsmøte 01.07.2002 – retten åleine, utkast til ny vegfordeling som vart sendt partane for uttale.

Rettsmøte 21.11.2002 – drøftingsmøte med partane

Rettsmøte 03.12.2002 – retten åleine, drøftingsmøte

Rettsmøte 13.03.2003 – retten åleine, drøftingsmøte

Rettsmøte 28.03.2003 – retten åleine, drøftingsmøte

I. Kjennelse vedk. den delen av kravet som gjeld vegparsellen frå Trondrudvegen til bomkassa i Trondrudmarka.

Vedk. nemnde del av kravet fatta Øvre Buskerud jordskifterett den 05.06.2003 slik samrøystes

K J E N N E L S E:

Partar: Dei partane som er oppførde i partslista framanfor i rettsboka frå dette møtet.

Kjennelsen gjeld avvisning av den delen av kravet som gjeld vegparsellen frå Trondrudvegen til bomkassa i Trondrudmarka. Denne parsellen er ein del av ein sideveg til det som i dag blir kalla Trondrudvegen. Parsellen er ca. 0,6 km.

Partane sine merknader.

Rekvirenten, Trondrudvegen v/Per Hofseth, hevdar at det er naturleg å ta med vegparsellen på 0,6 km i vegfellesskapet m.a. fordi denne parsellen fører fram til dei einaste fastbuande i området. Post- og skulerute trafikkerer dagleg denne strekninga. Vegparsellen har om lag like god vegstandard som Trondrudvegen.

Jan Haraldseth er fastbuande i Trondrud og nyttar denne vegparsellen dagleg. Han går inn for at denne vegparsellen fram til bomkassa skal inngå i vegfellesskapet (Trondrudvegen). Han vektlegg at denne parsellen fører fram til fastbuande på to gardsbruk og at m.a. post- og skulerute nyttar denne vegen. Dersom denne parsellen vert innlemma i vegfellesskapet er det mogleg at vegen kan få større tilskott frå kommunen. Han har i brev til jordskifteretten, dagsett 16.12.2002, jf. dok. 42, m.a. skrive at dersom jordskifteretten går inn for "forholdsvise andeler (etter veglengde)" har det ikkje så stor betydning for han om denne vegparsellen ikkje blir med i vegfellesskapet.

Ola Arnfinn Haraldseth er og fastbuande og nyttar denne vegstrekninga. Han meiner at det ikkje er noko stort problem om parsellen ikkje er med i vegfellesskapet.

Einar Dalevold går i mot at denne delen av kravet blir fremma. Han skriv m.a. i dok. 28: "En slik innlemmelse har lett for å skape unødige vanskeligheter ved utførelse av vedlikeholdsarbeidene. Det er her to naturlige vedlikeholdsobjekt og nevnte del av veg bør tilhøre vegen mot Nystølen. Jeg foreslår at retten avslår kravet om at aktuelle vegdel legges til Trondrudvegen."

Kirsti B. Kolsrud har i dok. 33 skrive slik:

"Jeg anser at det er en klar fordel at fordeling av vedlikeholdskostnadene justeres når antallet brukere (hytter) endres, men kan ikke se at stikkveger fra Trondrudvegen skal inkluderes. Man må i så fall være forberedt på at nye stikkveger fra Trondrudvegen vil reise tilsvarende krav.

Det foreligger etter mitt syn ikke forhold som tilsier at sideveger skal inkluderes i Trondrudvegen, det vil si at kravet om at vegen fra postkassene på Trondrudvegen til bommen for Trondrudmarka inkluderes i Trondrudvegen må avvises."

Reidar Løkken hevda i rettsmøtet 21.11.2002 at ingen del av vegen frå Trondrudvegen til Trondrudmarka bør inngå i Trondrudvegen.

Dei andre partane har ikkje gått i mot fremming av denne delen av kravet.

Jordskifterettens merknader.

Ein viser til fremmevedtaket, side 17 i rettsboka, der det m.a. står:

"Retten er noko i tvil om vegparsellen frå Trondrudvegen og fram til bomkassa i Trondrudmarka bør inngå i vegfellesskapet Trondrudvegen og vegfordelinga. At dei som nyttar Trondrudvegen og vegen vidare fram til alpinsenteret skal vere med på å betale for ein avstikkar til Trondrudvegen som dei ikkje har nytte av, kan verke noko urimeleg. Retten vil derfor kome attende til dette spørsmålet i eit seinare rettsmøte."

Dei frammøtte partane har i rettsmøta 07.02.2001, 28.06.2001 og 21.11.2002 fått høve til å uttale seg om fremmespørsmålet vedk. vegparsellen frå Trondrudvegen til bommen i Trondrudmarka.

I tillegg har partane fått høve til å uttale seg om dette i samband med at jordskifterettens forslag til ny fordeling av vedlikeholdskostnadane i Trondrudvegen vart sendt partane for evt. merknader, jf. dok. 24.

Paragraf 1 i jordskiftelova uttrykkjer hovudvilkåra for å halde jordskifte. Det er ikkje nok at retten finn tilhøva for eigedomane utenleg, dei må kunne gjerast betre ved jordskifte. Retten kan ikkje sjå at tilhøva er eller vert utenlege for dei berørte eigedomane om vegparsellen ikkje vert med i vegfellesskapet. Retten meiner faktisk at tilhøva vert meir tenlege ved ikkje å innlemme denne vegparsellen i vegfellesskapet. Det vil etter jordskifterettens syn vere lite naturleg og upraktisk med omsyn til vegvedlikehaldet å dele opp sidevegen frå Trondrudvegen til Trondrudmarka i to parsellar. Fordeling av vegkostnader for hovudveg og for sidevegar bør behandlast kvar for seg, jf. f. eks. vegfordelinga for Bøgasetvegen som er ein sideveg til Trondrudvegen. Dessutan vil det som tidlegare nemnd vere urimeleg at dei som nyttar Trondrudvegen for å kome til alpinsenteret og til Bøgaset, skal vere med på å betale for vegvedlikehald for ein del av ein sideveg som dei ikkje nyttar. Jan Haraldseth argumenterer med at denne vegparsellen fører fram til fastbuande, at post- og skuleruter trafikkerer strekinga og at kommunen evt. vil yte større tilskott til vedlikehaldsutgiftene på vegparsellen dersom den blir innlemma i Trondrudvegen. Retten kan ikkje sjå at nemnde forhold er avgjerande for ei innlemming av vegparsellen i Trondrudvegen. Etter jordskifterettens syn er vilkåra for å halde jordskifte etter § 1 i jordskiftelova ikkje oppfylt, og kravet vert derfor avvist.

SLUTNING:

Den delen av kravet som gjeld innlemming av vegparsellen frå Trondrudvegen og fram til bomkassa i Trondrudmarka i vegfellesskapet Trondrudvegen, vert avvist.

II. Kjennelse vedk. tilleggskrav om at jordskifteretten skal vurdere endring i gjeldande vedtekter for Trondrudvegen.

Vedk. nemnde tilleggskrav fatta Øvre Buskerud jordskifterett den 05.06.2003 slik samrøystes

KJENNELSE:

Partar: Dei partane som er oppførde i partslista framanfor i rettsboka frå dette møtet.

Kjennelsen gjeld avvisning av tilleggskrav.

Tilleggskravet vart framsett muntleg av Jan Haraldseth i rettsmøtet 21.11.2002.

Tilleggskravet går ut på at jordskifteretten vert bedt om å vurdere endring i gjeldande vedtekter for Trondrudvegen for å få meir konkrete retningslinjer for når representantskapet kan vedta større investeringar i vegen.

Merknader frå dei frammøtte partane i rettsmøtet 21.11.2002.

Jan Haraldseth viser til sine merknader om vedtekter i dok. 31.

Han hevdar at representantskapet etter gjeldande vedtekter står fritt til å bestemme utbyggingar og ombyggingar av vegen. Før representantskapet gjer vedtak om større investeringstiltak over ei viss beløpsgrense, bør dei aktuelle investeringstiltaka behandlast på årsmøtet til dei berørte lokale vegforeningane. Resultatet frå årsmøtevedtaka frå samtlege berørte vegforeningar skal føreligge og vere kjent for representantskapet før det fattar endeleg vedtak om utbyggingstiltaket.

Tor Lien og Øyvind Blyverket støtta tilleggskravet frå Jan Haraldseth.

Dei andre frammøtte partane -- Kirsti B. og Tor Kolsrud, Ole Arvid Haraldseth, Per Hofseth, Reidar Løkken, Einar Dalevold, Tor Sjong, Kristen H. Eidal, Hans Tandberg, Ola Arnfinn Haraldset og Helge Holm - hevdar at det ikkje er nødvendig at jordskifteretten behandlar det framsette tilleggskravet. Grunngevinga for dette er at beståande styringsorgan for Trondrudvegen er rette instans for behandling av forslag til endring av gjeldande vedtekter. Dei viser m. a. til § 9 i vedtektene som har slik ordlyd: "Endring av disse vedtekter kan skje med minst 7 stemmers tilslutning i representantskapet."

Jordskifterettens merknader.

Paragraf 1 i jordskiftelova uttrykkjer hovudvilkåra for å halde jordskifte. Det er ikkje nok at retten finn tilhøva for eigedomane utenleg, dei må kunne gjerast betre ved jordskifte. Retten kan ikkje sjå at tilleggskravet som Jan Haraldseth, Tor Lien og Øyvind Blyverket har sett fram, er av ein slik karakter eller skapar slike problem at det er utenleg for eigedomane, og at dette kan gjerast betre ved jordskifte. Dette fordi det eksisterer vedtekter for Trondrudvegen som omhandlar korleis evt. endringar i vedtektene skal skje. Det eksisterer såleis både styringsverktøy og styringsorgan for m. a. å behandle dei forhold som er teke opp i framsett tilleggskrav. Hensikten med vedtektene (styringsverktøyet) er nettopp at partane skal sleppe å måtte gå til jordskifteretten for kvar gong det kjem opp spørsmål eller forslag til endringar i tilknytning til vedtektene.

Etter jordskifterettens syn er vilkåra for å halde jordskifte etter § 1 ikkje oppfylt og kravet vert derfor avvist.

SLUTNING:

Tilleggskravet frå Jan Haraldseth, Tor Lien og Øyvind Blyverket framsett muntleg i rettsmøtet 21.11.2002, vert avvist.

III. Vedtak om ny fordeling av vedlikehaldskostnader og kostnader med større nødvendig opprustingsarbeid for Trondrudvegen – frå fylkesveg 214 og fram til Nesbyen Alpinsenter.

Vedk. ny fordeling av vedlikehaldskostnader og kostnader med større nødvendig opprustingsarbeid for Trondrudvegen fatta Øvre Buskerud jordskifterett den 05.06.2003 slikt samrøystes regulerande

VEDTAK:

Partar: Dei partane som er oppførde i partslista framanfor i rettsboka frå dette møtet.

Vedtaket gjeld ny fordeling av vedlikehaldskostnader og kostnader med større opprustingsarbeid for Trondrudvegen – frå fylkesveg 214 fram til Nesbyen Alpinsenter. Dette som følge av at eksisterande vegparsell frå Einan og fram til alpinsenteret skal innlemmast i Trondrudvegen. Tidlegare omfatta Trondrudvegen vegstrekinga frå fylkesvegen og fram til Einan (ca. 4 km). Med forlenginga blir vegen ca. 5 km.

Heimelen for vedtaket er § 17 a, 2. ledd i jordskiftelova.

Avgrensing av jordskiftfeltet.

Avgrensing av kva for område som skal sokne til "nye" Trondrudvegen vart drøfta med partane i rettsmøtet 21.11.2002. Avgrensinga vart avklara med unntak av den sørvestre grensa – i området ved Jordeslivegen. Denne delen av grensa har Ole Arvid Haraldseth avklart i samråd med berørte grunneigarar og sendt resultatet til jordskifteretten, innteikna på kart. Med tilvisning til dok. 42 og 46 har retten fastlagt heile avgrensinga av jordskiftfeltet. Avgrensinga framgår av dok. 47. Desse eigedomane innanfor skiftfeltet skal likevel ikkje sokne til Trondrudvegen:

Gnr. 56/30 (Timmermannsstølen) og hyttetomtene gnr. 56/236, gnr. 56/237, gnr. 56/238, gnr. 56/239.

Partane sine merknader til jordskifterettens utkast til ny/endra andelsfordeling i "nye" Trondrudvegen.

Styret i Trondrudvegen v/Per Hofseth (dok. 27).

Forholdstal - vi ønskjer forholdstal med heile tal, ikkje med desimaler.

Nye partar – E-CO vannkraft, Telenor og Forsvaret vil benytte vegen i samband med anlegg og hus på fjellet Syningen.

Fastbuande - det vil vere avklarande om jordskifteretten kan definere kva ein fastbuande er og korleis dette skal handterast ved framtidige utlikningar av vegkostnader.

Overtakingstidspunkt for dei nye vegstrekingane – vi ønskjer at det framgår av jordskifterettens vedtak at dei to nye vegstrekingane ikkje vert overtekne av Trondrudvegen før begge er opprusta til den standard som Trondrudvegen har.

Tverrlia inn i representantskapet - ei av årsakene til at vi har bedt om ny sak er at vi ønskjer at Tverrlia kjem med i styringa av vegen.

Einar Dalevold (dok. 28).

Ei fordeling etter den strekning som vert nytta synest som ei god løysing når det gjeld vanleg vedlikehald av vegen. Den foreslåtte fordeling må såleis kun gjelde for vanleg vedlikehald. For nyanlegg og større (betydelege) utbetningsarbeid må fordeling skje med lik andel for dei som får nytte av anlegget (eks. bru over Rukkedøla).

Når det gjeld landbruk er han noko skeptisk til rettens forslag om 6 dekar dyrka mark pr. andel. På Bøgaset vil 24 dekar dyrka mark tilsvare same trafikkbelastning som ei hytte.

Styret i Tverrlia 2 hytteforening v/Henning Kolbjørnsen (dok. 29).

Andelsfordelinga må vere dynamisk slik at nye hyttefelt og turistverksemder vert inkludert utan ny behandling i jordskifteretten.

Trass i at retten påpeikar at trafikken til alpinanlegget i dag utgjer ein vesentleg slitasje på vegen, og det er planlagt ny turistverksemd i området, er andeler for alpinanlegget og framtidige turistverksemder ikkje teke med i rettens utkast.

Det er vanskeleg å sjå kva "større utbetningsarbeid" på vegen er meint å omfatte. Hvis det er meint nødvendig oppgradering med tanke på framtidig arealutnytting, kan vi ikkje sjå det er rett å belaste våre medlemmer med dette. Slike større utbetningsarbeid bør behandlast som separate saker mellom dei berørte partar. Hvis det derimot med større utbetningsarbeid er meint utbetningsarbeid for å lette vedlikehaldet, bør dette presiserast.

Hans A. Tandberg v/adv. Finn Grøstad (dok. 30).

I utkastet er andelen for skogareal og anna landbruksareal redusert med 30%. Reduksjonen bør aukast ytterlegare, for eksempel med 60%. Grunngevinga for dette er:

- Skogen i det aktuelle området er høgtliggande med låg bonitet, liten tilvekst og dårleg kvalitet på tømmeret. Ein stor del av skogen er avvirka.
- For Tandberg sin skog vert skogbehandlinga påverka av at det i nærleiken er seterområder og friluftsområder samt andre turistrelaterte aktivitetar som gjer at det ikkje blir drive vanleg skogbruk i desse områda. Dette fordi det må takast omsyn til at skogområda er rekreasjons-/friluftsområde for turistar og hytteeigarar. Dette medfører beskjeden hogst i framtida.
- Sidan forrige jordskifte, for ca. 8 år sidan, har det vist seg at aktiviteten i skogen er blitt vesentleg mindre enn det som den gong vart lagt til grunn. Dette tilseier ein reduksjon for den andelen som vert belasta skogen.
- Området som er regulert til turistområde på begge sider av Trondrudvegen, ca. 1800 dekar, bør utgå som skog fordi det ikkje vil bli drive skogbruk i dette området i framtida.

"Det må være irrelevant for andelsfordelingen hvorvidt deler av enkelte landbrukseiendommer reguleres til utbygging eller ikke. Når det selges tomter, tilføres veien nye andeler og således mer penger. Skog- og landbrukseiendommene må til enhver tid vurderes som jord- og skogbruk uten hensyn til den påståtte "vesentleg fordel" hyttesalg/reguleringsplaner representerer. Det må gjelde et generelt prinsipp, skog- og landbrukseiendommene vurderes slik disse til enhver tid fremstår uten hensyn til mulige fremtidige tomtefradelinger – tomtefradelinger som representerer større andeler /mer penger enn arealet ellers ville gitt."

Den mest rettfærdige ordning vil vere at det for skog- og landbruksareal vert fastsett ei avgift pr. avvirka m³ tømmer, eventuelt kombinert med ein låg grunnsats. Grunnsatsen er forutsett å dekke køyring i samband med skogpleie, planting m.m.

Jan Haraldseth, Anne Haraldseth, Ola Arnfinn Haraldset, Reidar Løkken, Øyvind Blyverket, Solveig Kilen (dok. 31).

Antal vedlikehaldsandeler må settast i forhold til "tilgjengelighet" til veg og antal brukseiningar, ikkje til om ein er fastbuande eller hytteeigar. Ein del hytteeigarar bruker hytta si svært mykje, medan andre berre bruker den 2-3 gonger i året. Det er også eksempel på at dei som ikkje er fastbuande, bruker vegen vesentleg meir enn dei fastbuande. Dette betyr at matematisk rettfærdighet i forhold til antal turar er umogleg å få til, derfor bør det vere same andel for alle på same strekning.

I § 8 i gjeldande vedtekter framgår det at tvistar skal løysast ved voldgift. Vi har dårleg erfaring med ein nyleg avholdt voldgiftsak, som vart veldig kostbar, kr 30000 pluss advokathonorar. Dette punktet bør derfor endrast slik at tvistar om forståing og gjennomføring av vedtektene kan avgjerast i det vanlege rettsystemet. Då vil dei fleste tvistar kunne avgjerast i forliksrådet med ein kostnad på ca. 5000 kr.

Kristen H. Eidal (dok. 32).

Når det gjeld differensiering av andelene i forhold til vegen for hytter/stølshus, verkar det som ei rettfærdig ordning.

Ved tidlegare jordskifte i 1993 vart det utlagt teigar til landbruksformål. Då det ikkje er skog på desse teigane ber eg om at jordskifteretten vurderer dette på nytt.

Forslag til andeler for oppdyrka areal (6 dekar pr. andel) kan akseptast, men det ville vere ønskeleg med ein reduksjon til 10 dekar pr. andel. Hvis andelstal for setervollar skal stå uendra, vil 30 dekar dyrka jord få andelstal på storleik med 5 setervollar.

Kirsti B. Kolsrud (dok. 33).

Har ingen merknad til jordskifterettens utkast bortsett frå at stikkveggar frå Trondrudvegen ikkje må inkluderast i Trondrudvegen, jf. det som står under pkt. I, side 46-48.

Ola Arnfinn Haraldset (dok. 34).

Han meiner det er fornuftig at hytteandelene vert auka og fastlagt i forhold til veglengde medan landbrukseigedomar beheld eller får redusert sitt forholdstal.

Jordskifterettens merknader.

Jordskifterettens utkast til ny/endra andelsfordeling i "nye" Trondrudvegen vart sendt til partane med frist for å kome med skriftlege merknader, jf. dok. 24. Det er kome inn 8 merknader til jordskifterettens utsendte forslag innan den fastsette fristen, jf. dok. 27-34. Kopi av desse merknader er sendt ut til samtlege partar i samband med innkalling til rettsmøtet 21.11.2002. Alle partane vart innkalla til rettsmøte 21.11.2002 og har såleis hatt høve til å kommentere innkomne merknader, jf. § 17 a, 2. ledd i jordskiftelova.

Jordskifterettens merknader til:

Dok. 27:

Retten er enig i at forholdstal for fastsetting av andeler skal vere heile tal, ikkje tal med desimalar. E-CO Vannkraft, Telenor og Forsvaret har ikkje vore partar i saka og har såleis ikkje fått uttalt seg til rettens forslag til andelsfordeling. Trondrudvegen må såleis ta opp

spørsmålet om kor mange andeler desse skal belastast med direkte med dei nemnde brukarane av vegen. Retten finn det ikkje hensiktsmessig å gå inn på ein definisjon av kva ein fastbuande er. Retten legg til grunn at det avgjerande er kva ein bygning er godkjent for etter plan- og bygningslova, uavhengig av kor ofte bygningen blir brukt, enten det gjeld bustadhus eller hytte.

Jordskifteretten vil ta inn eit punkt i vedtaksslutninga om at ny vegfordeling først skal gjelde når vegparsellen Einan – Nesbyen Alpinsenter AS er opprusta til same vegstandard som Trondrudvegen. Når det gjeld spørsmålet om å få Tverrlia inn i representantskapet vedkjem det vedtektene for Trondrudvegen som jordskifteretten ikkje har til behandling.

Dok. 28:

Når det gjeld merknadane vedk. fordeling av kostnader for nyanlegg viser ein til rettens merknader nedanfor under dok. 29.

Når det gjeld andeler for dyrka mark viser ein til jordskifterettens merknad nedanfor til dok. 32.

Dok. 29:

Retten sin forslag til differensiert andelsfordeling på hytter/stølshus byggjer på ein andel pr. heile km veg. Denne føresetnaden kan nyttast ved evt. framtidig forlenging av Trondrudvegen.

Retten kan vanskeleg vurdere andelsfordeling for framtidige verksemdar i området uten å ha eksakt kjennskap til type verksemd og dermed kva slitasje verksemda påfører vegen. Ein føreset derfor at Trondrudvegen vurderer og avgjer kor stor andel nye bedrifter skal belastast med i det enkelte tilfelle, jf. avtalen Trondrudvegen har med Nesbyen Alpinsenter AS.

Med større opprustingsarbeid av vegen er meint nødvendig arbeid for å lette vedlikehaldet av vegen. Det framgår av jordskiftekravet at vilkåret for å innlemme ny vegstrekning i Trondrudvegen er at den nye vegstrekninga skal opprustast til same vegstandard som Trondrudvegen har i dag, før vegen vert overtatt av vegfellesskapet. Trondrudvegen har i dag så høg standard at det etter rettens syn ikkje er aktuelt med nyanlegg for å auke vegstandarden.

Dok. 30:

Retten er ikkje enig med Tandberg i at det ca. 1800 dekar store skogarealet som er vist som framtidig utbyggingsareal i gjeldande kommuneplan for Nes, og som i dag er ubebyggt, ikkje skal belastast med andeler i vegen.

Retten legg til grunn at det 1800 dekar store utbyggingområdet er eit skogareal som vil ha nytte av vegen inntil det blir utbyggt. Sjølv om det ikkje vil bli drive vanleg skogbruk i det planlagde utbyggingsområdet, vil det bli uthogst etter kvart som det skal anleggast vegar, parkeringsplassar, byggverk, golfbane innan utbyggingsområdet. Dessutan vil vegen vere til nytte ved kultivering av gjenstående skogareal. Etter kvart som arealet blir utbyggt, vil det totale skogarealet til Tandberg bli mindre og dermed føre til reduserte andeler i vegen.

Det same resonnement må leggjast til grunn for den delen av det regulerte utbyggingsarealet i Tverrlia I og II som ligg lågare enn 900-950 m.o.h. og som ikkje er bebyggt. Så lenge eit areal er skogareal og ikkje utbyggt, er vegen til nytte for skogsdrifta.

Ved forlenginga av Trondrudvegen frå Einan og fram til Nesbyen Alpinsenter AS får eigedomen til Tandberg større nytte av Trondrudvegen enn tidlegare. Dette fordi Tandberg eig areal langs begge sider av den forlenga vegen.

Jordskifteretten er ikkje enig i at det skal fastsettast ei avgift pr. avverka kubikkmeter tømmer-evt. kombinert med ein låg grunnsats. Ei slik ordning vil bli tungvint å administrere og ikkje nødvendigvis ei meir rettferdig ordning på lengre sikt.

Dok. 31:

Retten er ikkje enig i at bustader og hytter skal ha lik andel for bruk av same strekning veg. Normalt vil heilårsbusetnad føre til vesentleg større slitasje på vegen enn hytteeigedomar som følge av meir bruk i løpet av året. Etter rettens syn bør eit bustadhus belastast med 4 gonger så stor andel som ei hytte.

Med omsyn til dårleg erfaring med voldgiftssak kan opplysast at det er opp til den enkelte å velge om ein tvist skal løysast ved voldgiftsdom eller i det vanlege rettsapparatet (forlikrådet/tingretten). Det er såleis ingen som kan tvingast til å gjennomføre voldgift ved tvist.

Dok. 32:

Jordskifteretten endrar sitt utkast slik at jord- og skogbruksandelane i vegen i forrige jordskiftesak blir redusert. Oppdyrka areal blir belasta med 1 andel pr. 6 dekar. Vedk. skogareal kan opplysast at det kan omfatte uproductiv skogsmark.

Dok. 33:

Ingen merknad.

Dok. 34:

Ein stadfestar at Ola Arnfinn Haraldset har forstått jordskifterettens utkast rett med omsyn til foreslåtte hytteandeler og forslag til reduksjon av andeler for landbrukseigedomar.

Andeler for hytter/utleiehytter/stølshus.

Ingen av partane har merknader til jordskifterettens utkast til differensierte andeler for hytter/utleiehytter/stølshus med unntak av at andelene bør vere heile tal, ikkje med desimalar.

Dette fører til at dei som nyttar Trondrudvegen blir belasta med ein andel pr. km veg. Dette inneber at dei som nyttar Trondrudvegen opp til sidevegen Trondrudmarkavegen blir belasta med 3 andeler, dei som nyttar vegen opp til sidevegen Bøgasetvegen (Einan) blir belasta med 4 andeler og dei som nyttar vegen opp til Nesbyen Alpinsenter AS, blir belasta med 5 andeler.

Andel for Nesbyen Alpinsenter AS.

Det er ikkje sett fram krav om at retten skal fastsette endra vilkår for alpinsenteret vedk. bruken av vegen. Retten går ut frå at Trondrudvegen og alpinsenteret vil framforhandle ny avtale som følge av at Trondrudvegen no er forlenga.

Andeler for evt. framtidige verksemder som vil sokne til Trondrudvegen.

Det er vanskeleg for retten å gå inn på slike konkrete retningslinjer så lenge ein ikkje veit kva for type verksemder og kor store verksemder det dreiar seg om. Retten føreset at

andeler for framtidige turistverksemder o. l. blir bestemt av styret/representantskapet i Trondrudvegen, etter drøftingar mellom den enkelte verksemd og Trondrudvegen.

Etter den fastsette merknadsfristen er det kome inn skriftlege merknader frå:

- Ole A. Haraldseth, brev dagsett 03.11.2002 (dok. 36)
- Trondrudvegen v/Per Hofseth, dagsett 03.11.2002, framlagt i rettsmøtet 21.11.2002 (dok. 37)
- Jan Haraldseth, brev dagsett 16.12.2002 (dok. 41)

Dok. 36 og 37 vart opplesne i rettsmøtet 21.11.2002 der 13 partar var til stades.
Dok. 41 er ikkje kjendt for nokon av partane.

Dei fleste partane i saka er såleis ikkje kjendt med dei tre merknadane som har kome inn etter den fastsette fristen, og har såleis ikkje hatt høve til å kommentere desse.

Jordskifteretten kan ikkje sjå at nemnde merknader inneheld vesentlege nye moment og kommenterer derfor ikkje desse.

Oversikt over bygningar tilknytt landbrukseigedomar pr. februar 2003, som vegfellesskapet Trondrudvegen kan nytte som grunnlag for utrekning av bygningsandeler.

Namn	Gnr/ bnr.	Antal bustader	Antal stølshus	Antal hytter	Antal utleige- hytter	Merknader
Thor Sjong	50/2		1			
Harald Rødningen	50/15		2		2	
	54/8					
Reidar J. Smette	52/11		1			
Lars Vestheim	54/7					
	56/122		1		6	
Odd Gunnar Eidal	56/18				2	
	56/43		1		3	
Tove Solheim	56/19					
Hans A. Tandberg	56/24			2*	1	*Skogskoier
Sigurd Johan Vissebråten	56/32					
Kristen Harald Eidal	56/38		1	2		
Sverre H. Espeseth (Eidal)	56/46					
Berit Løkken Nilsen	56/58					
Kari Ingeborg og Ole Sigmund Bråthen	56/62					
Sigve Aasen	56/70- 123					
	56/80				1	
Guri Huse	56/83		1			
Gunvor Marie Bråthen	56/87					
Helge Holm	56/113					
	58/61					
	58/62		1		8	1 kafé/ servicebygg
Tor Lien	56/118		1			
Gunn Vestheim	56/120				1	

Namn	Gnr/ bnr.	Antal bustader	Antal stølshus	Antal hytter	Antal utleige- hytter	Merknader
Irene Engen	56/179		1			
	56/217				1	
	56/227				1	
Kristen Vestheim	56/180			1		Skogshytte
Knut Tandberg	56/201				2	
2/3 Hans Andreas og 1/3 Øyvind A. Tandberg	56/202					
Sissel Bay-Nielsen	56/204					
Ola Arnfinn Haraldset	58/1		1,5	1	4	
	58/226	1				1 hus á 3 leiligheter
	61/73					
Per Meaas	58/8					
Svein Vidar Syversens dødsbu v/Jorunn og Torgeir Syversen	58/9					
Steinar Vissebråten	58/4,30		1			
Gunhild Steinmoen Karlsen	58/91					
Olaf Brusletten	58/129					
Anne og Jan Haraldseth	58/220	1		1		
Erik Rømcke	62/5					
Ole J. Moen	62/73					
Anne Margrethe Syversen og Karin Johanne Haugen	56/47					

Opplysningane i tabelloversikten er skriftlege opplysningar innhenta frå partar som har landbrukseigedomar. Ein gjer merksam på at ikkje alle tilskrivne partar har svart.

Oversikt over jord- og skogbruksareal som jordskifteretten legg til grunn ved andelsfordelinga av "nye" Trondrudvegen.

NR	EIGAR	GNR/BNR	SKOG	JORD
1	Erik Rømcke	62/5	2345	
2	Odd Egil Klype	58/28,72	50	
3	Odd G. Eidal	56/18,43	400	
4	Mai Britt og Helge Holm	56/113, 58/61,62	310	
5	Sverre Espeseth	56/46	400	
6	Otto Skaret	58/35	90	
7	Gunhild Karlsen	58/91	70	
8	Olaf Brusletten	58/129	25	
9	Tandbergfam. v/Hans Tandberg	56/24 m.fl.	6260	
10	Ola Arnfinn Haraldset	(58/1),226, 61/73	390	90
11	Anne og Jan Haraldseth	58/220	85	20
12	Ole Johnny Moen	62/73	1405	
13	Per Meaas	58/8	65	
14	Leif Harald Rødningen	50/15, 54/8	190	
15	Kari I. og Ole S. Bråthen	56/62	460	
16	Vidar Syversens dødsbu v/Torgeir og Jorunn Syversen	58/9	155	
17	Sigve Aasen	56/70,80,123	85	
18	Karin J. Haugen og A. Syversen	56/47	120	
19	Steinar Vissebråten	58/4	45	

NR	EIGAR	GNR/BNR	SKOG	JORD
20	Tove Solheim	56/19	140	
21	Øivind A. og Hans Tandberg	56/202	585	
22	Knut Tandberg	56/201	785	
23	Gunn Vestheim	56/120	45	
24	Berit Løkken Nilsen	56/58	24	
25	Guri Sigrid Huse	56/83	60	
26	Sigurd J. Vissebråten	56/32	60	
27	Thor Sjong	50/2	40	
28	Inger Lise og Ingebrigt Huse	52/26	40	
29	Tomas Solheim	56/185	40	
30	Gunvor Marie Bråthen	56/30,87	570	
31	Anne Kristin Alien	56/25	190	
32	Tor Lien	56/118	110	
33	Kristen Vestheim	56/180	45	
34	Tomas Solheim	56/64	65	
35	Lars Vestheim	56/22	130	
36	Reidar Smette	52/11, 56/158	180	
37	Irene Engen	56/179	0	
38	Else og Odd Egil Klype	56/360	215	
39	Kristen H. Eidal	56/38	323	30
40	Klara Brusletten	56/45,79, 58/56	327	
41	Ole A. og Astrid M. Haraldseth	(58/1),222,224,245	230	
42	S. Bay-Nielsen, B. Drevvatne	56/204	45	

Partane har hatt høve til å uttale seg om arealoversikten, jf. dok. 51 – dok. 58.

Forklaring til tabellen.

Tala under arealkategoriene skog og jord er i dekar. Areal som ikkje er utheva er dei same areal som jordskifteretten la til grunn ved fordelinga i jordskiftesak 5/1991, avslutta 05.11.1993.

Utheva tal betyr avvik frå dei areal som vart nytta i nemnde jordskiftesak. For skogareala har retten føreteke reduksjon av areala for dei eigedomar som har fått redusert sine skogareal som følge av at arealet er utbygd sidan forrige vegfordeling. Retten har ikkje føreteke reduksjon av skogareala på eigedomar der mindre enn 10 dekar har gått ut av produksjon i nemnde periode. Når det gjeld jordbruksareal som er utheva, gjeld det ein eigedom som har fått auka det dyrka arealet i nemnde periode.

For skogareala har retten no som i forrige jordskiftesak, lagt til grunn at vegen er til nytte for skogareal opp til 900 – 950 m.o.h. Retten gjer i denne samanheng merksam på at det til slutt i oversikten over areal, bygningar og stølsvollar for landbrukstilnyttede eigedomar i jordskiftesak 5/1991 står følgjande om dei oppgjevne areala under skog:

”En del av teigene som her er oppført i kolonnen ”SKOG”, er helt eller delvis beregnet som uproduktiv skogsmark.”

Jordskifteretten føreteker følgjande endringar i forhold til sitt utkast til ny andelsfordeling:

Avvising av del av jordskiftekravet.

Vegparsellen frå vegkrysset Trondrudvegen/Trondrudmarkavegen til bommen ved Trondrud blir ikkje innlemma i vegfellesskapet Trondrudvegen, sjå jordskifterettens kjennelse under pkt. I framanfor på side 46.

Andeler for jord- og skogbruksareal.

Som det framgår av jordskifterettens utkast (dok. 24) tek retten utgangspunkt i gjeldande andelsfordeling i jordskiftesak 5/1991 for å kome fram til ny andelsfordeling i vegen.

Den nye andelsfordelinga for landbrukseigedomane gjeld kun for jord- og skogbruksareal. Andelene for bygningar (hytter/utleiehytter, stølshus, bustadhus/bueiningar) tilknytta landbrukseigedomane kjem i tillegg.

Dei reine jord- og skogbruksandelene fastsett i tidlegare jordskiftesak 5/1991 blir redusert med 40 % i staden for 30 %, men likevel slik at ingen får mindre enn ein andel. Andelene vert avrunda til nærmaste heile tal. I tillegg er det føreteke ytterlegare reduksjon av landbruksandelene for eigedomar der det i perioden 1994 og fram til i dag har skjedd så stor utbygging eller sal av areal at dette fører til ein reduksjon på minst 1,0 andeler.

For å kome fram til dei reine jord- og skogbruksandelene har retten teke utgangspunkt i andelsfordelinga i jordskiftesak 5/1991 og trekt frå andeler for bygningar som eigedomane hadde på det tidspunktet. Ein viser i denne samanheng til skjema med overskrifta "Grunneiere tilknyttet Trondrudvegen." i tidlegare jordskiftesak, jf. dok. 59.

Eigedomane gnr. 58/220, gnr. 58/1, 226 og gnr. 61/73 får 40 % reduksjon fordi vegparsellen Trondrudvegen- bomkassa i Trondrudmarka ikkje vert med i vegfellesskapet Trondrudvegen.

Jordskifteretten fastset Hans A. Tandberg sin landbruksandel (skog) i vegen til 58 andeler. Dette som eit resultat av arealreduksjon, reduksjon i landbruksandeler på 40 % og nytte av ein km lenger veg.

Andeler for bustadhus.

Etter ei samla vurdering er retten komen til at eit bustadhus blir belasta med 4 andeler pr. km veg. For bustadhus som inneheld fleire bueiningar (hybel blir ikkje rekna som bueining) skal det betalast for 4 andeler pr. bueining. Dette medfører at dei fastbuande i Trondrud blir belasta med 12 andeler pr. bueining i Trondrudvegen, mot i dag 45 andeler. Retten går ikkje nærmare inn på definisjon av kva ein fastbuande er. Er ein bygning godkjent som bustadhus etter plan- og bygningslova, skal det betalast for 4 andeler pr. km veg uansett bruk av huset. Det same prinsippet er lagt til grunn for hytter/utleiehytter/stølshus – ein andel pr. km veg uavhengig av kor mange gonger hytteigarane er på hytta i løpet av året.

Framtidig revisjon av landbruksandelene for den enkelte eigedom som følge av at skogareal blir nedbygd eller på annan måte ikkje kan nyttast til skogproduksjon.

Jordskifteretten har fastsett reglar for framtidig revisjon av landbruksandelene.

I og med at retten har sett på bygningsandelene og landbruksandelene kvar for seg, kan reduksjon av landbruksandelene no skje etter kvart som landbruksareal går ut av produksjon som følge av at arealet vert utbygd, nytta til andre formål enn landbruk eller fråseld eigedomen. Oppgjevne areal i tabellen ovanfor skal vere utgangspunktet for berekning av slik reduksjon i landbruksandelene (jord- og skogbruksandelene).

Endring i landbruksandelene til ein grunneigar er aktuelt når jord- og skogbruksareal blir regulert til andre formål enn landbruksareal (byggeområde, trafikkområde og friområde). Men det er først når reguleringsplanen eller deler av denne blir realisert – d.v.s. når arealet blir teke i bruk til andre formål enn landbruk eller fråseld eigedomen – at landbruksandelene i vegen kan endrast. Revisjon av landbruksandeler kan først skje når endringa utgjer minst ein heil andel.

Eit eksempel på reduksjon av landbruksandeler som følge av utbygging i eit skogareal:
 Ein grunneigar har eit skogområde på 190 dekar og står oppført med 2 andeler når andeler for hus, hytter, stølshus og dyrka areal er trekt i frå. Ved utbygging av 30 hyttetomter går 50 dekar ut av skogproduksjon for alltid. Resterande (nytt) skogareal blir 140 dekar.
 Utrekning av nye andeler vert slik: $2 \text{ andeler} \times 140/190 = 1,47$ andeler avrunda til 1 andel.

Evt. endringar i jordbruksareal.

Når det gjeld jordbruksareal skal det reknast 1 andel pr. 6 dekar dyrka jord.

SLUTNING:

Ny fordeling av vedlikehaldskostnader og kostnader med større utbetningsarbeid i Trondrudvegen (vegparsell frå Fv. 214 til Nesbyen Alpinsenter AS) vert slik:

1. Hytter, utleiehytter og stølshus skal belastast med 1 andel pr. km nytta veg. Veglengde i km vert avrunda til nærmaste heile km.
2. Kvar bueining skal belastast med 4 andeler pr. km nytta veg. Hybel vert ikkje rekna som bueining. Veglengde i km vert avrunda til nærmaste heile km.
3. Oppdyrka areal skal belastast med 1 andel pr. 6 dekar.
4. Landbrukseigedomane skal belastast med slike landbruksandeler (andeler for bygningar ikkje medrekna):

NR	EIGAR	GNR/BNR	ANDEL
1	Erik Rømcke	62/5	8
2	Odd Egil Klype	58/28,72	1
3	Odd G. Eidal	56/18,43	3
4	Mai Britt og Helge Holm	56/113, 58/61,62	1
5	Sverre Espeseth	56/46	3
6	Otto Skaret	58/35	1
7	Gunhild Karlsen	58/91	1
8	Olaf Brusletten	58/129	1
9	Tandbergfam. v/Hans Tandberg	56/24 m.fl.	58
10	Ola Arnfinn Haraldset	(58/1),226, 61/73	16
11	Anne og Jan Haraldseth	58/220	4
12	Ole Johnny Moen	62/73	11
13	Per Meaas	58/8	1
14	Leif Harald Rødningen	50/15, 54/8	2
15	Kari I. og Ole S. Bråthen	56/62	2
16	Vidar Syversens dødsbu v/Jorunn og Torgeir Syversen	58/9	2
17	Sigve Aasen	56/70,80,123	1
18	Karin J. Haugen og A. Syversen	56/47	2
19	Steinar Vissebråten	58/4	1
20	Tove Solheim	56/19	2
21	Øivind A. og Hans Tandberg	56/202	5
22	Knut Tandberg	56/201	3
23	Gunn Vestheim	56/120	1
24	Berit Løkken Nilsen	56/58	1
25	Guri Sigrid Huse	56/83	1

NR	EIGAR	GNR/BNR	ANDEL
26	Sigurd J. Vissebråten	56/32	1
27	Thor Sjong	50/2	1
28	Inger Lise og Ingebrigt Huse	52/26	1
29	Tomas Solheim	56/185	1
30	Gunvor Marie Bråthen	56/30,87	2
31	Anne Kristin Alien	56/25	2
32	Tor Lien	56/118	2
33	Kristen Vestheim	56/180	1
34	Tomas Solheim	56/64	1
35	Lars Vestheim	56/22	1
36	Reidar Smette	52/11, 56/158	1
37	Irene Engen	56/179	0
38	Else og Odd Egil Klype	56/360	1
39	Kristen H. Eidal	56/38	7
40	Klara Brusletten	56/45,79, 58/56	2
41	Ole A. og Astrid M. Haraldseth	(58/1),222,224,245	1
42	S. Bay-Nielsen, B. Drevvatne	56/204	1
	Sum andeler		158

5. Endring av landbruksandeler for den enkelte landbrukseigedom kan først skje når jord- og/eller skogbruksarealet vert endra som følge av at areal blir teke i bruk til andre formål, eller at areal blir kjøpt eller fråseld eigedomen.

Revisjon av landbruksandeler skal kun skje kvart 5. år. Det er ein føresetnad at endring i andeler utgjer minst ein heil andel.

Ny utrekning av andeler for skogareal for eigedomane skal skje ved at gjeldande andeler blir multiplisert med ein brøk med nytt areal i teljar og gammalt areal i nemnar.

6. Denne vegfordelinga med tilhøyrande reglar skal ikkje gjelde før den nye vegparsellen frå Einan til Nesbyen Alpinsenter AS er opprusta til same vegstandard som Trondrudvegen har i dag og parsellen er innlemma i Trondrudvegen.

IV. VEDTAK OM JORDSKIFTEKOSTNADENE.

Vedk. fastsetting av jordskiftekostnadene fatta jordskifteretten 05.06.2003 slikt samrøystes

V E D T A K:

Partar: Dei partane som er oppførde i partslista frammanfor i rettsboka frå dette møtet.

Vedtaket gjeld fastsetting av jordskiftekostnadene jf. §§ 74 og 76 i jordskiftelova.

Kostnadene med saka, jf. § 74 i jordskiftelova:
(På kravstidspunktet var rettsgebyret (R) kr 530)

Registreringsgebyr (R x 5)	kr	2650
Partsgebyr (R x 1,5 x antal partar (577))	"	458715
Tidlegare rettsmøter (9 stk.)	"	23967

Dagens rettsmøte:

Jordskiftemeddommar Eilif Gundersen:

1 dag kr 1000

Diett " 140

Køyregodtgjersle: " 235

Jordskiftemeddommar Liv Skarsgard Langegard:

1 dag " 1000

Diett " 140

Køyregodtgjersle " 90 " 2605

Arbeidsgjevaravgift " 172

Utgifter kartkopiering Nes kommune " 74,50

Sum kostnader kr 488183,50

Etter jordskifterettens syn har arbeidsmengda i saka vore vesentleg mindre enn det gebyrkostnadane for denne saka tilseier. Etter ei samla vurdering og med heimel i § 74, 8. ledd i jordskiftelova fastset jordskifteretten dei samla jordskiftekostnadene i saka til kr 95.000.

Fordeling av jordskiftekostnadene.

Jordskiftekostnadane skal fordelast på partane etter den nytte dei har hatt av saka. Det er den objektive nytten som skal leggest til grunn ved fordelinga.

Trondrudvegen v/Per Hofseth har opplyst til retten at krav om innbetaling av jordskiftekostnadene i saka skal sendast styret i Trondrudvegen og at det ikkje er nødvendig for jordskifteretten å føreta fordeling av kostnadene på partane.

Trondrudvegen v/Sigve Aasen har betalt inn registreringsgebyr på kr 2650 og kr 22000 i forskott, til saman kr 24650. Skuldig beløp å betale blir såleis kr 70350.

SLUTNING:

1. Samla jordskiftekostnader blir fastsett til 95.000,-
2. Trondrudvegen v/formannen i styret, Per Hofseth, skal betale skuldig beløp, kr 70350.
3. Skuldig beløp, kr 70350, skal vere betalt til jordskifteretten innan femten – 15 – dagar rekna frå forkynninga. Etter denne tid vil summen verte tvangsinndriven, jf. § 91 i jordskiftelova.

V. AVSLUTNINGSAVGJERDER.

Forkynning.

Forkynning skjer ved at utskrift av rettsboka frå rettsmøta 21.11.2002, 03.12.2002, 13.03.2003, 28.03.2003 og 05.06.2003 blir forkynt for partane i saka. Utskrift av rettsboka frå rettsmøter før 21.11.2002 er tidlegare sendt partane.

Anke og kjæremål.

Anke- og kjæremålsfristen er ein – 1 – månad rekna frå forkynninga. Kopi av ankereglane for jordskiftesaker følgjer forkynninga.

Ikraftsetjing.

Denne saka blir rettskraftig når anke- og kjæremålsfristen er ute og det ikkje er nytta rettsmiddel. Blir saka anka eller påkjæra, utstår ikraftsetjinga.

Tinglysing.

Denne saka skal tinglyst på følgjande gards- og bruksnummer i Nes kommune:

Gnr. 50, bnr. 2, 15, 16, 19, 27, 34, 35, 37, 38, 41, 48, 65, 66, 67, 68, 69, 72, 73

Gnr. 52, bnr. 11, 25, 26, 28, 32, 35, 39, 42, 43, 44, 48, 51, 52, 54, 55, 56, 61, 63, 66, 68, 69, 87, 90

Gnr. 54, bnr. 8

Gnr. 55, bnr. 6

Gnr. 56, bnr. 2, 18, 18:1, 19, 20, 22, 24, 25, 30, 32, 34, 36, 36:1, 37, 38, 40, 43, 44, 45, 46, 47, 48, 52, 55, 58, 59, 62, 64, 66, 67, 69, 70, 73, 79, 80, 83, 87, 87:1, 97, 101, 113, 118, 120, 123, 142, 143, 145, 148, 151, 153, 154, 155, 156, 157, 158, 166, 167, 168, 175, 179, 180, 181, 185, 188, 191, 192, 195, 200, 201, 202, 203, 204, 209, 211, 212, 213, 215, 216, 219, 220, 221, 222, 228, 229, 230, 231, 232, 233, 234, 235, 236, 240, 241, 242, 243, 244, 245, 246, 248, 249, 250, 251, 252, 253, 255, 256, 257, 258, 259, 260, 261, 262, 267, 268, 279, 281, 282, 284, 285, 286, 288, 295, 296, 298, 302, 303, 304, 305, 306, 308, 312, 313, 315, 316, 317, 319, 320, 321, 324, 325, 326, 331, 332, 333, 334, 335, 336, 337, 338, 352, 357, 360, 367, 368, 369, 371, 384, 385, 386, 387, 389, 390, 391, 392, 393, 394, 395, 397, 399, 400, 401, 402, 403, 404, 405, 408, 409, 410, 415, 416, 417, 418, 419, 423, 424, 425, 426, 428, 429, 430, 431, 432, 433, 434, 435, 436, 438, 439, 440, 441, 442, 443, 444, 445, 446, 447, 448, 449, 450, 451, 452, 453, 455, 457, 459, 460, 462, 463, 464, 467, 469, 470, 471, 472, 474, 475, 476, 477, 478, 480, 481, 482, 483, 484, 485, 486, 487, 488, 489, 491, 492, 493, 494, 495, 496, 497, 498, 499, 500, 501, 504, 505, 506, 507, 508, 509, 510, 511, 512, 513, 514, 515, 516, 517, 518, 519, 520, 521, 522, 524, 525, 527, 528, 529, 531, 532, 534, 535, 538, 539, 540, 541, 545, 546, 547, 548, 550, 551, 555, 556, 558, 559, 560, 561, 562, 563, 564, 565, 568, 569, 570, 571, 574, 575, 576, 577, 578, 579, 580, 582, 583, 584, 589, 590, 591, 594, 595, 596, 597, 598, 600, 601, 602, 603, 604, 605, 606, 607, 608, 609, 610, 611, 612, 613, 614, 615, 616, 617, 618, 619, 620, 621, 622, 623, 624, 625, 626, 627, 628, 629, 630, 631, 632, 633, 634, 635, 636, 637, 638, 639, 640, 641, 642, 643, 644, 645, 646, 647, 648, 649, 650, 651, 652, 653, 654, 655, 656, 657, 658, 659, 660, 661, 662, 664, 665, 666, 667, 668, 669, 670, 671, 672, 673, 674, 675, 676, 677, 678, 679, 680, 681, 682, 683, 684, 685, 686, 687, 688, 689, 690, 691, 692, 693, 694, 695, 696, 697, 698, 699, 700, 702, 703, 704, 705, 706, 707, 708, 709, 711, 712, 713, 715, 716, 717, 719, 720, 721, 723, 724, 725, 726, 727, 728, 729, 730, 731, 732, 733, 735, 736, 737, 738, 739, 740, 741, 742, 743, 744, 746, 747, 748, 750, 751, 752, 754, 755, 756, 757, 759, 760, 761, 762, 764, 766, 767, 769, 770, 792, 793, 794, 795, 796, 797, 812

Gnr. 58, bnr. 1, 1:1, 1:2, 1:4, 1:5, 1:7, 1:9, 1:12, 3, 4, 5, 8, 9, 28, 30, 35, 38, 50, 56, 61, 62, 72, 81, 89, 91, 92, 100, 109, 129, 130, 133, 134, 135, 137, 139, 140, 141, 143, 149, 151, 153, 154, 156, 157, 158, 159, 163, 164, 165, 166, 167, 168, 169, 171, 176, 177, 178, 179, 183, 184, 185, 186, 187, 188, 189, 190, 192, 195, 198, 204, 205, 215, 217, 220, 220:1, 221, 222, 223, 224, 225, 226, 227, 229, 230, 231, 232, 236, 243, 244, 245, 247, 248, 249, 251, 252, 253, 254, 255, 262, 263, 269, 270, 271, 272, 273, 274, 275, 276, 277, 278, 280, 282, 285, 286, 287, 289, 296, 297, 298, 300, 311, 318, 319, 321, 322, 323, 326, 327, 328, 329, 330, 331, 332, 333, 339, 342, 349, 353, 354, 355, 356, 357, 358, 359, 360, 361, 363, 364, 365, 366, 367, 368, 369, 370, 371, 372, 373, 374, 375, 376

Gnr. 61, bnr. 73

Gnr. 62, bnr. 5, 54, 62, 70, 73, 85, 98

Gnr. 71, bnr. 10, 42

Det tinglyste utdraget av rettsboka vert arkivert hjå Øvre Buskerud jordskifterett.

Retten heva, saka slutta.
05.06.2003.

Liv Skarsgard Langegard (s)

Oddvar Fjøsne (s)

Eilif Gundersen (s)

Rett utskrift:

Oddvar Fjøsne



Retten heva, saka slutta.
05.06.2003.


Liv Skarsgard Langegard (s)

Oddvar Fjøsne (s)

Eilif Gundersen (s)

Rett utskrift:

Oddvar Fjøsne



KAP. 7 RETTSMIDDEL

§ 61

Mot jordskifte, og mot einskilde avgjerder tatt i samband med jordskifte, kan det brukast rettsmiddel etter reglane i dette kapitlet.

Dom etter § 17 og rettsfastsettande vedtak etter § 17a kan ankast til lagmannsretten. Rettsforlik kan ankast til lagmannsretten i samsvar med § 286 andre ledd i lov av 13. august 1915 nr 6 om rettergangsmåten for tvistemål. Vedtak etter § 87 første punktum i saker etter § 6 første til tredje ledd kan ankast til lagmannsretten når det gjeld rettsbruk og sakshandsaming. Det same gjeld for vedtak etter § 62 femte og sjettede ledd i saker der jordskifteretten held skjønn etter § 6 første til tredje ledd. I saker () nemnt i § 6 første til fjerde ledd, kan rettsbruken, sakshandsaminga og erstatningsutmålinga ankast til lagmannsretten. For øvrig kan jordskifterettens avgjerder i saker som nemnt i § 6 første til fjerde ledd, berre påkjærast etter tredje ledd.

Desse avgjerdene kan påkjærast til lagmannsretten:

- a) Avgjerd i spørsmål om avvisning av andre enn materielle grunnar.
- b) Avgjerd i samband med retting av dom.
- c) Avgjerd om godtgjersle til vitne og sakkunnige m.m som etter særleg lovregel kan påkjærast til høgare domstol.
- d) Avgjerd om gebyr og sideutgifter etter § 74.
- () Avgjerd i spørsmål om oppreisning mot fristforsøming.
- f) Avgjerd om oppattaking etter § 73 første ledd.
- g) Slike avgjerder i oreigningsskjønn etter § 6 som er nemnt i § 48 første ledd i lov av 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker.
- h) Andre avgjerder om saksbehandlninga eller rettsbruken som jordskifteretten i særlege høve fastset kan påkjærast særskilt.

I alle andre høve er rettsmiddelet anke til jordskifteoverretten.

§ 62

Med dei unntak som denne paragrafen nemner, er det ikkje høve til å bruke rettsmiddel før jordskiftet er slutt.

Dom etter § 17 og rettsfastsettande vedtak etter § 17a kan påankast straks av granne og av nokon som verken er godkjent som eigar eller som bruksretts-havar i skiftefeltet. Jordskifteretten kan

ta avgjerd om at det same skal gjelde for andre som har ankerett. Slik avgjerd må takast inn i dommen eller vedtaket.

Rettsforlik kan påankast straks.

Avgjerder som nemnt i § 61 tredje ledd kan påkjærast straks. Opplysning om dette, om frist etter § 63 andre ledd og at avgjerda ikkje kan ankast seinare, skal takast inn i avgjerda.

Når jordskifteretten finn det tenleg, kan vedtak om fremme av jordskifte, jf. § 14 første ledd andre punktum, stillast til påanking til jordskifteoverretten straks.

Er det mykje om å gjere å kome i gang med eit tiltak før skiftet er slutt, kan jordskifteretten ta avgjerd om at vedtak om dette skal stillast til påanking til jordskifteoverretten straks.

§ 63

Fristen for anke er ein måned. Fristen blir rekna frå forkynninga av jordskiftet, jf. § 22 andre ledd fjerde punktum, men slik at når det etter § 62 er høve til å anke straks, skal fristen reknast frå den tid vedkomande part har fått avgjerda forkynt.

Fristen for kjæremål er ein måned.

Anke og kjæremål skal gjevast inn til den jordskifteretten som har tatt den avgjerda som anken eller kjæremålet gjeld. Rettsformannen skal snarast råd gjere alle interesserte partar kjende med anken eller kjæremålet.

For anke til lagmannsrett gjeld elles, så langt dei høver, kap. 25 og for kjæremål §§ 398 a - 404 i lov av 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål.

Når avgjerd i ankesak til lagmannsrett har ført til endring i jordskiftet, skal jordskiftedommaren gi dei partane som endringa får verknad for, høve til å krevje ny frist for anke til jordskifteoverretten. Det same skal gjelde for dei partane som i anketida har fått endra eller skipa nye mellombels bruksreglar i medhald av § 60. Kjem det slikt krav, skal jordskiftedommaren forkynne ny frist for anke til jordskifteoverretten for alle partane i jordskiftesaka, rekna frå denne forkynninga.

Er det eit overjordskifte som er påanka, gir eit vedtak av jordskifteoverdommaren i medhald av § 60 ingen ny ankerett tilsvarande regelen i femte ledd, men vedtaket kan vurderast på nytt etter krav frå nokon vedtaket råkar, om jordskifteoverretten likevel må attende og gjere om skiftet.

§ 64

Er det anke i rett tid, må slutting eller iverksetting av jordskiftet utsettast.

Overjordskifte kan ikkje fremmast så lenge anke til lagmannsrett ikkje er endeleg avgjort.

Om eit kjæremål skal ha oppsettjande verknad på same måten som anke i dei tilfelle første og andre ledd nemner, skal avgjerast etter reglane i § 400 i lov av 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål.

§ 65

Så snart råd er etter at anke eller kjæremål til lagmannsrett er endeleg avgjort, skal jordskifteretten halde fram med eller ta opp att og gjere om skiftet i den mon det følgjer av den endelege avgjerda.

Når eit jordskifte som er slutta, blir tatt opp att, skal innkallingsfristen vere minst tre veker.

§ 66

Er ikkje noko anna fastsett i avgjerd som går ut på stadfesting av jordskifte, skal dei fristane som er fastsette i jordskiftet reknast frå første årdsdagen for slutting av jordskiftet etter at avgjerda er forkynt.

§ 67

Ved anke til jordskifteoverrett bør ankepostane gå fram av sjølve ankefråsegna. Er dette ikkje tilfelle, bør jordskiftedommaren syte for å få klarlagt kva anken gjeld før den blir gjort kjend for dei andre partane. Er ikkje ankepostane alt klarlagde, skal jordskifteoverretten, når saksførehavinga tar til, gi ankeparten pålegg om å seie greitt frå om kva for postar han ankar på.

Jordskifteoverretten skal først berre granske dei ankepostane som er framsette. Syner det seg då at anken er grunnlaus, eller berre kan føre til endring som det etter måten ikkje kan leggjast nemnande vekt på, skal jordskiftet stadfestast. Syner det seg at anken må føre til endring i jordskiftet, skal retten gi partane melding om dette. Vil endringa valde tap for nokon part, kan han krevje ein frist på opptil ei veke for å sette fram krav om å få granskinga utvida så langt det trengst for å avgjere om ikkje jordskiftet på andre punkt bør endrast til fordel for han. I såfall skal

jordskifteoverretten granske jordskiftet så langt han finn det nødvendig. Endring i jordskiftet som dette fører med seg, kan gjennomførast, endå om ankeparten i det heile ikkje blir så godt faren som han var etter jordskiftet.

§ 68

Anke til jordskifteoverrett kan kallast tilbake når det gjeld ankepost som ikkje er avgjort. Gjeld det ankepost som er avgjort, kan anken kallast tilbake om alle som saka gjeld, samtykkjer.

Blir anken kalla tilbake før ankefristen er ute, får han ikkje noko å seie for dei reglane jordskiftet har for iversetjing og fristar. Blir anken kalla tilbake etter at ankefristen er ute, skal jordskifteoverretten endre fristane om det trengst. Er retten ikkje sett, fastset jordskifteoverdommaren dei nye fristane.

§ 69

For overjordskifte gjeld reglane for jordskifte så langt dei høver, men om loven krev at ei avgjerd i jordskifteretten skal vere samrøystes, trengst det likevel berre vanleg fleirtal i jordskifteoverretten til stadfesting av ei slik avgjerd. På overjordskifte kan det settast stuttare fristar enn fastsett i § 59.

Den jordskiftedommaren som har styrt jordskiftet, har plikt til å møte fram til overjordskiftet etter innkalling frå jordskifteoverretten. Han skal stå til teneste med opplysningar så lenge jordskifteoverretten finn det nødvendig.

§ 70

Kjem det opp tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna som jordskifteretten ikkje har avgjort ved dom, og som heller ikkje er endeleg avgjort på annan måte, skal jordskifteoverretten avgjere tvisten om det trengst av omsyn til jordskiftet.

Når jordskifteretten har avvist eit krav om jordskifte av materielle grunnar, og jordskifteoverretten kjem til at saka skulle ha vore fremma, skal jordskifteoverretten ved orskurd (kjennelse) oppheve avvisinga. Jordskifteoverretten kan vise saka tilbake til jordskifteretten med pålegg om fremming. Har jordskifteretten gjort vedtak om fremming, og jordskifteoverretten i ankesak etter § 62 femte ledd kjem til at saka ikkje bør fremmast eller bør fremmast på annan måte, kan jordskifteoverretten ved orskurd (kjennelse) anten avvise kravet om jordskiftet eller gjere endringar i vedtaket.

Når jordskifteoverretten kjem til at det er gjort slike feil ved saksbehandlinga eller rettsbruken at eit jordskifte heilt eller delvis bør gjerast om, kan jordskifteoverretten ved orskurd (kjennelse) oppheve jordskiftet eller deler av det og vise saka tilbake til jordskifteretten til ny behandling, i staden for sjølv å gjennomføre overjordskiftet. Det same gjeld når jordskifteoverretten i særlege høve elles kjem til at oppheving og tilbakevising vil vere meir tenleg enn å gjennomføre overjordskiftet. For eit slikt tilbakevist jordskifte gjeld same reglar om bruk av rettsmiddel som for jordskifte elles, jfr. § 61.

Det kan ikkje brukast rettsmiddel mot avgjerd frå jordskifteoverretten om å vise ei sak tilbake til jordskifteretten. Orskurdene som har ført til vedtak om tilbakevising får rettskraft om dei ikkje blir påkjæra innan fristen er ute.

§ 71

Eit overjordskifte kan ankast til lagmannsretten til heil eller delvis oppheving på grunn av feil ved rettsbruken eller saksbehandlinga. Dommar og rettsforlik kan ankast etter same reglar som for jordskiftet.

Om kjæremål til lagmannsretten gjeld reglane i § 61 tredje ledd og § 62 fjerde ledd tilsvarende.

Om fristar, frå kva tid det er høve til anke og kjæremål og om saksbehandlinga gjeld same reglar som for anke og kjæremål i samband med jordskifte.

§ 72

Anke til jordskifteoverretten som berre gjeld påståtte feil med omsyn til kart, utrekningar eller målearbeid, blir avgjort av jordskifteoverdommaren som einedommar.

Viser det seg at det er gjort feil som har hatt merkande innverknad på jordskiftet, skal jordskifteoverdommaren gi jordskifteretten pålegg om å rette feilen og gjere om skiftet i den mon rettinga gjer nødvendig.

Når jordskiftet er gjort om i samsvar med pålegg som nemnt i andre ledd, skal alle partar som endringa kan ha noko å seie for, få avgjerda forkynt. Dei har ankerett i den mon endringa har hatt noko å seie for jordskiftet.

Er jordskiftet anka til jordskifteoverretten på anna grunnlag og, og slik anke fører til at det blir halde overjordskifte, skal jordskifteoverretten sjølv gjere dei endringane som retting av tekniske feil gjer nødvendig. Kjem jordskifteoverretten sjølv over slike feil, så skal dei rettast, om dei har noko vidare å seie.

§ 73

Avgjerder teke av jordskifteretten eller jordskifteoverretten i dom, vedtak eller skjønn kan takast opp att etter dei reglane som gjeld for oppattaking av dommar i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål kap. 27. Ordskurder kan takast opp att etter reglane for oppattaking av ordskurder i same lov.

Vidare kan eit jordskifte takast opp att dersom føresetnader som er lagde til grunn for skiftet, blir endra på ein slik måte at avgjerande tiltak i skifteplanen ikkje kan gjennomførast og det er tvil laust at vilkåret i § 3 bokstav a ikkje er oppfylt for minst ein part. Det kan likevel ikkje krevjast oppattaking etter dette leddet når fristen etter § 59 for gjennomføring av tiltaket er ute.

Jordskifteretten utfører dei endringar som oppattaking etter første og andre ledd fører med seg. Det skal ikkje gjerast større endringar enn det som trengs for å rette opp mishøvet. Gjeld det endringar av grenser o.l. der kostnadene ikkje vil stå i rimeleg høve til det ein oppnår, kan endringar gjerast opp heilt eller delvis i pengar, skog eller andre verdiar.